



Kommunedelplan naturmangfold for Luster kommune

Datert 28.11.2022

Eigengodkjent 11. mai 2023 sak 20/23

Vedlegg:

1: Handlingsplanen (Vert kapittel 3 og 4 når planen vert publisert i Framsikt)

2: Liste over område som skal innarbeidast som omsynssone H530 og H560 ved revisjon av kommuneplanen, arealdelen

1 Innleiing

Naturen er sjølv livsgrunnlaget vårt. Me har alle eit ansvar for å ta vare på naturen rundt oss både til glede og nytte for oss sjølv og for kommande generasjonar.

Naturmangfaldet legg grunnlag for alt liv på jorda, og vi er avhengige av velfungerande økosystem for å ha tilgang til både mat, reint vatn og tak over hovudet. Naturen gjev oss mange økosystemtenester slik som sikring mot flaum og skred, opptak av klimagassar, og ikkje minst flotte omgjevnader som er bra for vår mentale helse. I dag er diverre mange arter og naturtypar oppført som trua på norsk raudliste, og stadig fleire inngrepsfrie naturområde går tapt. Me har alle eit ansvar for ta vare på naturen vår til glede og nytte for oss sjølv, men òg for kommande generasjonar.

Det er lokalt kvart enkelt naturområde går tapt, og difor er det lokalt det må takast grep. Kommunen er den instansen som fyrst og fremst styrar arealbruken lokalt, og det er difor viktig at kommunen sjølv sit på tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet for å ta gode slutningar som gjev grunnlag for velfungerande økosystem. Kommunedelplan for naturmangfald vil bidra til ein samanstilling av eksisterande kunnskap om naturverdiane i kommunen, og vidare bidra med føringar for korleis ein skal forvalte areal i framtida.

1.1 Målet med planen

Luster kommune skal ta vare på naturmangfaldet i kommunen gjennom berekraftig bruk og vern.

Naturen og naturmangfaldet er livsgrunnlaget vårt og gir grunnlag for betre helse og trivsel. Naturverdiane og naturmangfaldet må i størst mogleg grad takast vare på til glede og nytte for innbyggjarane i kommunen i dag, og for framtidige generasjonar. Tapt natur og naturmangfald kan vanskeleg erstattast.

Det naturmangfaldet me har i dag er ein kombinasjon av tilnærma urørt natur, landbruk og det moderne samfunnet. Landbruket bidreg til eit variert og artsrikt kulturlandskap med beitedyr og slått. Utfordringane er at det moderne landbruket har færre beitedyr i utmark, store monokulturar, meir bruk av sprøytemiddel og meir avrenning. Men det største presset på naturen og naturmangfaldet er arealendringar i form av stadig meir utbygging og nedbygging, spesielt i og rundt kommunesenter og bygdesenter.

Me er langt dårlegare enn landsgjennomsnittet på nærturterreng

Luster kommune har mykje natur og mykje verna natur, men mesteparten av denne naturen ligg langt frå der folk bur og oppheld seg. [Statistikk frå Statistisk sentralbyrå](#) viser at berre 24% av dei som bur i tettstadene i Luster har i 2020 trygg tilgang til nærturterreng. Snittet for heile landet ligg på 45% og det er naturleg nok dei største tettstadene/byane som har dårlegast tilgang. Til samanlikning har 34% trygg tilgang til nærturterreng i Oslo.



Eit nærturterreng er eit naturområde som ein lett kan gå til frå der ein bur.

Med bakgrunn av desse tala vil Luster kommune i sin plan fokusere på naturmangfaldet i område som har størst press på utbygging og område som ligg nær skular, barnehagar og bustadområde. Mange av desse nærområda vert eller kan nyttast til undervisning og som nærtuområde i kvardagen. Desse nærområde er det mange som ynskjer å bruke og dei er ofte område trua av nedbygging . Det gjeld å prioritere rett for å oppretthalde naturmangfaldet i nærområda våre.

Kunnskap er viktig

I tillegg til å fokusere på område som er viktige for innbyggerane våre, har Luster kommune som eit overordna mål i planen om å spreie kunnskap om kor viktig naturen og naturmangfaldet er for oss alle. Kunnskap er avgjerande for å kunne sjå og forstå samanhengen mellom oss sjølve og naturen rundt oss.

Planen skal vera eit styringsverktøy for Luster kommune i spørsmål, vurderingar og problemstillingar knytta til naturmangfald og naturmangfaldlova. Viktige og kartfesta område i denne planen skal innarbeidast som omsynssone natur i kommunen sin kommuneplan - arealdelen.

1.2 Lovgrunnlag og forankring

Planen er forankra i mange lover og forskrifter. Det er også mange avtalar og planer, globalt, regionalt og kommunalt, som er førande for arbeidet med denne planen. Oversikt over alle desse finn du i kapittel 5 Lenkje og kjelder.

1.3 Ord og uttrykk

Arealendringar: Utbygging, utfylling, grøfting, oppdyrking osv.. Arealendringar i vatn og fjord omfattar også endringar i vassmassane og omfattar bl.a. dumping av sprengstein, vasskraftroduksjon med biologiske påverknad på vassmassane og utslepp av bl.a. kloakk. Arealendringar er den største trusselen for naturmangfaldet i Norge og resten av verda.

Art: Ei gruppe med organismar som deler ei genetisk arv, er i stand til å krysse seg med kvarandre og skape avkom som også er fruktbare. Nokon arter kan også formeire seg gjennom deling, utløparar mm.

Bestand: Ei gruppe med individ av same art som lever i same geografisk område til same tid.

Biologisk mangfald: Mangfaldet av økosystem, arter og det genetiske materialet dei har, i tillegg til de økologiske samanhengen mellom desse komponentane.

Forbodslista: Det folkelige navnet på [Vedlegg 1 til Forskrift om fremmede organismer](#). Dette er en liste over arter det er forbode å innføre, selge eller bruke i Norge.

Framandart: En art som ikkje er naturlig på staden.

Framandartslista: Arter som er introdusert i Norge etter 1800. Framandartane er delt inn i fire klasser alt etter kva økologisk risiko dei har: låg risiko (LO), potensielt høg risiko (PH), høg risiko (HI) og svært høg risiko (SE).

Lokalitet: Eit mindre område som er nokså klart avgrensa.

Naturmangfald: Omfattar både biologisk mangfald, mangfald i landskap og geologisk mangfald. Temaet omfattar naturmangfald knytta til landjorda, ferskvatn, brakkvatn og saltvatn system, inkludert vassmiljø og jordmiljø knytta til desse. Sterkt menneskepåverka mangfald vert vanlegvis ikkje rekna med.

Naturtype: Ein einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller spesielle typar naturførekomstar som dammar, slåttemark, store, gamle tre, artsrike vegkantar eller liknande, samt spesielle typar geologiske førekomstar..

Naturtype av nasjonal forvaltningsinteresse: Naturtypar som det skal tas spesielle omsyn til i arealforvaltninga for å ivareta forvaltningsmåla for arter, naturtypar og økosystem. Forvaltningsmåla er heima i naturmangfaldlova §§ 4-5.

NiN (Naturtypar i Norge): Eit type- og måte å beskrive naturtypar på som er utarbeida av Artsdatabanken. Vert brukt som grunnlag til å kartlegge all variasjon av natur i Norge.

Nærturterreng: Eit turområde i natur som ligg mindre enn 500 meter frå ein bustad, eller til ein grøn korridor som fører til eit turområde. Eit nærturterreng bør ha ein viss storleik (minst 200 dekar), og det ideelle er at det er råd å gå ein rundtur i området på omlag 2 km. ("100 meters skogen").

Prioritert art: Ein art som med grunnlag i § 23 i naturmangfaldlova er utpeikt som ein prioritert art, og på denne måten gitt spesiell juridisk beskyttelse gjennom eigen forskrift.

Raudlista arter og naturtypar: Oversikt over trua og sårbare arter og naturtypar, inkludert arter som har gjennomgått sterk nedgang i Norge eller arter som har en svært sjeldan forekomst i Norge. Raudlista arter og naturtypar finnes i fire kategoriar: nær trua (NT), sårbar (VU), sterkt trua (EN) eller kritisk trua (CR).

Svartelista: Eit eldre namn på Framandartslista

Utvalt naturtype: Ein naturtype som med grunnlag i § 52 i naturmangfaldlova er utpekt som en utvalt naturtype, og på denne måten gitt spesiell juridisk beskyttelse gjennom eigen forskrift.

Vilt: Naturleg viltlevande landpattedyr, fuglar, krypdyr og amfibier (NML)

Økosystem: Eit samfunn av en gruppe organismar som spelar saman med kvarandre og med miljøet de lever i.

Økologisk funksjonsområde: Område som oppfyller ein økologisk funksjon for artane (for eksempel område som er viktige for reproduksjon, det å overleva eller spreiding).

1.4 Medverknad

Kommunedelplan naturmangfald er ein plan for alle som bur i Luster kommune. Det er difor viktig at alle har høve til å medverke til at dette vert ein best mogleg plan.

Oppstart av planarbeidet og framlegg planprogram vart kunngjort i Sogn Avis, på kommunen si heimeside, kommunen si facebookside og gjennom brev til offentlege høyringspartnarar og ulike organisasjonar 15. april 2021. Omsynet til lokaldemokrati og høve til medverknad er viktig og Luster kommune oppfordra innbyggjarar og fagpersonar om å engasjere seg i planarbeidet og komme med innspel tidleg i planfasen. Merknader til planprogrammet og innspel til planen kunne sendast inn på

digitalt innspelskjema eller på e-post. Frist for å sende inn merknader og innspel var 30. mai 2021. Det kom berre inn 8 innspel til planarbeidet og planprogrammet innan fristen.

Planprogrammet vart vedteke av formannskapet 9. juni 2021, sak 82/2021.

Grunna lite engasjement frå bl.a. velforeiningar og grendalag inviterte Luster kommune til ope møte den 24. mars 2022 der tema var korleis få større naturmangfald rundt oss der me bur, frå eigen hage til nærfriområda. Oppmøtet var bra og innspel og tankar som kom fram på møtet vart teke med vidare i planarbeidet.

Hausten 2022 vart det sendt ut eit digitalt spørjeskjema til alle skular og barnehagar i kommunen for å kartleggje kva naturområde dei hadde tilgang til og brukte og kvar det var manglar på gode naturområde for undervisning i naturfag og friluftsliv. Det kom inn mange tilbakemeldingar som er teke med i det vidare planarbeidet.

I møte 7. desember 2022, sak 159/22, vedtok formannskapet å leggje kommunedelplan for naturmangfald ut til offentleg ettersyn.

3. januar vart framlegg til planen på kommunen si heimeside, kommunen si facebookside og gjennom brev til offentlege høyringspartnarar og ulike organisasjonar. Høyringsfrist vart sett til 24. mars 2023 som er same dato som innspelsfrist til arbeidet med å revidere arealdelen i kommuneplanen.

Våren 2023, før høyringsfristen til planen, inviterte Luster kommune til bygdemøter i samband med at revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Kommunedelplan for naturmangfald og kommunen sin arealdel har nær kopling og det vart informert om naturmangfaldsplanen på møta og folk vart oppmoda til å sende inn merknader til planen som låg ute på høyring. Det vart også informert om planarbeidet i Ungdommens kommunestyre. Det kom inn 11 merknader til planen.

2 Luster kommune i dag

Luster kommune er den 17. største kommunen i landet, med eit areal på omlag 2.700 km². Av dette er 2.600 landareal, resten er fjord og ferskvatn.

Kommunen spenner om eit stort naturmangfald frå fjorden til fjelltoppar som er over 2000 meter høge, frå mildt klima med frodig edellauvskog nærast fjorden til alpint klima med karrig høg fjell. Luster er den kommunen i Norge som har mest areal dekkja av bre. Berre ca. 2% av landarealet i kommunen er dyrka eller dyrkbar jord. Under 10% av kommunen er dekkja av skog, og mykje av denne skogen veks i svært bratte dalsider og er dermed vanskeleg å nytte.

Luster har eit stort artsmangfald. I kommunen er det pr. september 2021 observert 2.144 ulike arter i artsdatbanken, men det finnes truleg mange fleire artar her som enno ikkje er registrert. Dei fleste enkelt-observasjonane som er gjort i kommunen er fuglar, med karplantar som ein god nummer to. Når det gjeld ulike artar så er det registrert 712 ulike insekt, 529 ulike karplantar, 175 ulike fuglar, 173 ulike soppar og 25 ulike pattedyr. At registreringa enno er mangelfull skjønner ein sidan det f.eks. berre er registrert to ulike fiskeslag i kommunen til no.



Frå venstre hettmåke, vipe og svarthalespove. Kjelde: Wikipedia

Det er registrert sju kritisk trua artar i kommunen. Dei to kritisk trua artane med flest registreringar innafor kommunegrensa er fuglane [hettmåke](#) og [vipe](#). Det er også nokre registreringar av [svarthalespove](#). Mange av desse registreringane er gamle. Det er kjent at den raudlista arten pigghå lever i Lustrafjordan, sjølv om det ligg ikkje registreringar av arten i artsdatabanken.



Mange artar i kommunen er rekna som sterkt trua. Det er bl.a. pattedyra jerv og gaupe, fuglane storspove, makrellterne, bergand og dvergdykker. Alm og ask står også på lista over sterkt trua artar.

Til venstre er arten storspove som kanskje er den mest sårbare av dei kritisk trua artane i kommunen. Arten er registrert mellom 8 og 16 gonger årleg dei siste 10 åra og mest ved Hafslovatnet og på Veitastrond. Storspove er ein fugl som i ope landskap og som ofte leiter etter mat på muddebanker, grunner, myr og udrenert eng. Foto er av Foto: Steinar Myhr / NN og [publisert på nettet av Birdlife Norge](#) i samband med at storspove var årets fugl i 2019.



Til venstre er eit utsnitt av artskart/artsdatabanken som viser registreringar av storspove på Hafslo-

Indre Sogn er eit svært spennande område med omsyn til sommarfuglar. Området har ei rekke sjeldne, raudlista artar inkludert ein del som ikkje er funne mange andre stader i landet. Det skuldast truleg gunstig klima og det at me framleis har ein del blomsterrike kulturlandskap.



[Mnemosynesommarfuglen](#)

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim sende i 2008 oppmoding til alle ordførarane i landet om å gjera ein innsats for artsmangfaldet i naturen. Ordføraren i Luster vart beden om å ta vare på [mnemosynesommarfuglen](#) som berre finnes i Luster og tre andre kommunar her i landet. Arten er ein av fire freda sommarfuglar i Norge. I ifølge artskart er sommarfuglen til no registrert på Veitastrond, i ei sørvendt li over Fortun og i Ormelid.

Denne sommarfuglen finn ein ofte i opne blomsterrike rasmarker oppover i fjellet, og dels i blomsterrik kulturmark. Larvene utviklar seg på lerkespore, og dei vaksne sommarfuglane har en forkjærligheit for skogstorkenebb. Det beste me kan gjera for å oppretthalde levevilkåra for mnemosynesommarfuglen og eventuelt andre

sjeldne sommarfuglartar me måtte ha i kommunen er å prøve å unngå at gammal kulturmark gror att ved å oppretthalde slått og ikkje for hardt beite.

[Her kan du lese meir om sommarfuglarten på heimesida til artsdatbanken.](#)

2.1 Område som alt er verna




Heile 52 % av landarealet i Luster er verna etter naturvernlova eller naturmangfaldova og 14 verneområde ligg heilt eller delvis innanfor kommunegrensene. Dette inkluderer tre nasjonalparker, åtte naturreservat og tre landskapsvernområde.

Felles for dei fleste av desse verna områda er at dei ligg langt frå der folk bur og ferdast til dagleg. Store område er høgfjell og bre. Ingen av desse områda er særleg trua av utbygging og dei er for det meste grundig undersøkt med omsyn til naturmangfald. Vår plan vil difor ikkje fokusere på dei verna områda kommunen har.

[Her finn du informasjon om verneområda i Luster kommune](#)

Det er i tillegg nyleg foreslått eit nytt naturvernområdet i kommunen, Buggastrondi sør for Kinsedalen, eit område med tørr kalkfuruskog og edellauskog med funn av fleire raudlista arter.



Område som er eller foreslått verna i kommunen. Kommunesenter og mindre tettstader med skular er også vist i kartet.

2.2 Oppfølgingsplan for trua natur

Arter er trua over heile verden, men enkelte arter finn ein berre i Norge, eller i veldig få land. Dermed har me eit spesielt stort ansvar for å ivareta enkelte arter og naturtypar. Dette ansvaret for å ta vare på naturmangfaldet er lovpålagt i [naturmangfaldslova](#).

Det går såpass dårleg med enkelte artar og naturtypar at dei har fått ein eigen forskrift, og krav om handlingsplan for å redde dei frå utrydding. Til saman gjeld dette 14 artar og 8 naturtypar. Desse 14 artane kallast [prioriterte arter](#). Ingen av desse er etablert i Luster. Av naturtypane, som vert kalla [utvalgte naturtypar](#), har me 13 lokalitetar i Luster kommune. Dette er slåttemark, slåttemyr og hule eiker.

For at ein naturtype skal bli klassifisert som utvald, må den kartleggast og få ein verdi. Vanlegvis blir eit område klassifisert som A-, B-, eller C-verdi utifrå tilstanden i naturtypa, C-verdi gjer ikkje status som utvald naturtype. Har du ei gamal slåttemark du kunne tenkje deg å restaurere? Då kan du søke om midlar til tiltak gjennom miljødirektoratet [her](#), sjølv om enga ikkje er klassifisert som utvald. Eit av måla i denne planen er å få alle kartlagde naturtypar som anten er prioriterte eller utvalde, inn som omsynssone i kommuneplanens arealdel, slik at dei vert tatt omsyn til i vidare planlegging.

Utvalde naturtypar i Luster:

1) Slåttemark

Frå Naturbase:

- [Vormeli](#) i Utladalen
- [Dalen](#) i Kinsedalen
- [Øvre Ormelid](#) ved høgdegarden Ormelid i Fortunsdalen
- [Knivbakkgjerdet](#) og [Dulsete](#) i Mørkridsdalen
- [Kjerringhola](#) nær Ottum. Kjerringhola ligg nær Bargarden naturreservat og det går ein gammal veg/tursti gjennom området.
- Nes,



Slåttemarka i Ormelid har mange orkideartar.

Alle slåttemarkene over ligg langt frå kommunesenter og bygdesenter. Lokalitetane under er meir sentrumsnære.

- [La: Ingebjørg](#), over byggefeltet Beheim på Hafslø, er fattig slåtteeing.
- [Dokki](#), Veitastrond
- [Mobakken 2](#), Hafslø

2) Slåttemyr

Med slåttemyr meiner ein myr med vegetasjon som er knytta til tradisjonell slått og som framleis bær preg av dette. Me har to registreringar i Naturbase.

- [Dulsete](#) og [Dalen](#) i Mørkridsdalen som begge ligg langt frå kommunesenter og bygdesenter.

3) Hule eiker

Luster kommune har tre førekomstar av store eiker i Naturbase. Eik veks ikkje vilt i kommunen grunna klimaet, så alle eikene me har er planta. Kvifor hule eiker er viktige å ta vare på kan du lese meir om [her](#).



Det står eit stort eiketre på Ornes midt i ein frukthage mellom fjorden og fylkesvegen. Eika er godt synleg for alle som kjem med ferja over fjorden. På oversida av fylkesvegen skal det byggast nytt verdsarvsenter. [Her finn du faktaark om eika.](#)



Det står to store eik står ved Munthehuset i Kroken. Trea står berre ein meter frå kanten av fylkesvegen like nedanfor Munthehuset. Eikene står svært tett inntil den smale fylkesvegen mot Ornes og er lett utsett for skade. [Her finn du faktaark om desse eikene.](#)



Det står ei stor eik i Stuppelshagen like over Dale kyrkje. Stuppelshagen er eit gammalt hageanlegg tilhøyrande Dale kyrkje. Her finn ein mange ulike arter, ville og planta. Stuppelshagen ligg i gangavstand frå skule, barnehage og byggefelt. [Her finn du faktaark om denne eika.](#)

Kandidatområde for supplerande vern

På oppdrag frå Miljødirektoratet har Statsforvaltaren i Vestland gjennomført ei naturfagleg vurdering og identifisert område som kan bidra til å nå Stortinget sitt mål om representativt vern av norsk natur. Dei fleste norske verneområde ligg i fjellet, mens lågareliggende område med stort mangfald av naturtypar og artar i liten grad er verna. Denne skeivfordelinga håpar ein å gjere noko med. 99 område i Vestland er plukka ut og åtte av desse ligg i Luster kommune. Områda er ikkje kartavgrensa. Av dei 8 områda er det berre ei utviding av Jotunheimen som er aktuell for vidare prosess mot vern, men dei kommunen ser på dei 7 andre områda som svært viktige område sjølv om det ikkje vert arbeida med verneplan for dei no.

Kunnskapen om naturtypane nemnd over er kartlagt med ulike metodar, under er ei forklaring på desse:

Naturtypar i Luster etter DN-håndbok 13

Dette datasettet kartlegg først og fremst naturtypar som er spesielt viktige for naturmangfaldet. Kvar registrerte lokalitet er gitt ein naturfagleg verdi, basert på tilstand og naturmangfald. Lokalitetane har ein meir eller mindre omfattande områdebeskriving. Datasettet er eigna til bruk i alle typar plan- og

arealforvaltningsoppgåver, i sakshandsaming og som grunnlag for vedtak i næring. Luster har mange slike områder fordelt over heile kommunen og fleire av dei er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel som omsynssone natur. I 2015 vart det vedteke at kartlegging etter denne metodikken skulle utfasast og erstattast av NiN (Natur i Norge).

Naturtypar i Luster etter [DN-håndbok 19](#)


Tenesta viser marine førekomstar av naturtypar som er vurdert som svært viktige, viktige og lokalt viktige for biologisk mangfald etter DN-handbok 19. Kartlegging av marint biologisk mangfald. Luster kommune har ingen kartleggingar i denne kategorien.

Kartleggingssystemet **NiN (Natur i Norge)**

Denne kartlegginga kartlegg all natur utan å verdsette den. Eigenskapar er knytta til den enkelte kartleggingseinheiten og kan lettast sjåast i faktaarka som er lenka opp til kvart naturområde. Luster har nokre få område kartlagt etter denne metoden, først og fremst lia over Hafslo sentrum, rundt Vigdalsstølen, eit område i lia vest for Skagen i Fortun og i fleire område som er verna slik som Ytamo i Gaupne.

2.3 Prioritering av område

For at denne planen skal vera eit hjelpemiddel mot auka naturmangfald innan kommunegrensa, har vi fokusert på eksisterande kunnskapsgrunnlag kring dei viktigaste drivarane til tap av naturmangfald, og ei rangering av ulike faktorar som Luster kommune scorar dårleg på i forhold til landsgjennomsnittet.



Illustrasjonen viser påverknadsfaktorar på trua arter i Fastlands-Norge med havområde sortert etter tal arter som vert påverka. Andre og ukjente omfattar heilt ukjente faktorar, tilfeldig dødelgheit, naturkatastrofar, menneskeleg forstyrring, påverknader utanfor Norge, samt andre faktorar som ikkje kan kategoriserast under dei øvrige hovudnivåa. (Artsdatabanken, 2022)

Arealendringar; dvs. utbygging, utfylling, grøfting, oppdyrking med meir, utgjer den største trusselen for naturmangfaldet i Norge og resten av verda. Det er derfor viktig at me har naturmangfaldet som eit

vurderingskriterie når me utarbeider planar som vil kunne endre korleis eit areal skal nyttast. Det er alle dei små arealendringane lokalt, som til saman utgjør eit stort tap av urørt natur nasjonalt.

Vår plan for naturmangfald konsentrerer seg om område som ligg utanfor eksisterande nasjonalparker og verneområde. Planen set fokus på område med utbyggingspress, område med viktige førekomstar av raudlista artar, naturtypar me har lite av, og område og lokalitetar som er lokalt viktig. Eit viktig element er å sikra samanhengande grøntområde som fungera som trekkområde for vilt og beitedyr, men òg for at me menneske skal ha ei god naturoppleving.

Lett tilgjengelege naturområde frå der folk bur, frå skular og frå barnehagar er viktige å bevara og styrke, slik at dei kan nyttast til friluftsliv, men òg som ein arena for undervisning.

Det er nær samanheng mellom natur, naturmangfald, [fysisk og psykisk folkehelse](#). Sjølv om Luster kommune ikkje har byar, så er fleire av tettstadane våre nokså tett utbygd og ligg på stader som er sterkt avgrensa frå naturen si side av bratte fjellsider og fjorden. [Forskning viser](#) at det er viktig at dei som bur i tettstadene har lett tilgang til natur og naturopplevingar i kvardagen. Alle bør ha gå-tilgang til eit nærtur-terreng. Det å ta vare på natur og naturmangfald der me bur er ei investering for framtida. Det er komplisert og kostbart å tilbakeføra øydelagde område til naturområde, men dette kan også vera ei aktuell løysing der det viser seg å vera behov for dette.

Naturkampen

Sabima arrangerer noko dei kallar [naturkampen](#), som rangerer ulike kommunar etter kor gode dei er til å vektlegge naturen i ulike samanhengar. Det er totalt 15 kategoriar der kommunen får ein poengscore som til saman utgjør den totale rangeringa. Luster kom ut som nummer 18 av dei totalt 356 kommunane som vert vurdert. Poengscoren vi får i dei ulike kategoriane har vert med å danna grunnlag for kva som vert fokus i denne planen.

Kommunen scorar høgt på:

- Fersk arealplan
- Kommunedelplan naturmangfald under arbeid
- 0 daa nydyrking av myr
- Lite strandsone går tapt til nye bygg

Vi skårar derimot langt dårlegare enn landsgjennomsnittet på:

- **Tap av jordbruksland** - her er me ein versting og er rangert som nr. 236 av alle kommunar
- **Kor mange får dispensasjon til å køyre i utmark?** Me er ein versting og rangert som nr. 224
- **Natur som vert nytta til hyttebygging** - der er me ein versting og er rangert som kommune nr. 202
- **Kor mange får bygge i LNFR områder?** - dette er dispensasjonssøknader og me er rangert som nr. 164
- **Har kommunen reguleringsplan for naturvern?** - me har ingen og er rangert som nr. 159
- **Vil kommunen bli arealnøytral?** - her har me eit stort forbettringspotensial, rangert som nr. 35. Areal-endringar er den største trusselen mot naturmangfaldet
- **Prøver kommunen å stoppe spreiding av framande arter** - også der får me negativ score, rangert som nr. 35

2.4 Viktige naturtypar i Luster

Ut i frå kart i Naturbasen og lokalkunnskap har Luster kommune valt å fokusera på områda under. Områda er innspel til kommuneplanen sin arealdel som H560 omsyn naturmiljø. Aktuell arealbruk er LNF, grønnstruktur, friområde og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Grunneigar eller brukarar av desse områda bør prioriterast der det er høve til å søke om økonomisk støtte til forvaltning og skjøtsel av lokalitetane.

Vassdrag, kantsoner, våtmarksområde og myr

Reint vatn er avgjerande for alt liv på jorda. Vassdrag med tilhøyrande kantsoner er svært viktige å ta vare på av mange grunnar. Det er ofte eit rikt dyreliv både i og nær vatnet. Nær og i vatn veks det ofte mange ulike plantar. Plantane i kantsonene stabiliserer kantane og er viktige når det gjeld forebygging av flaumskader på hus og infrastruktur. Klimaendringar vil medføre meir nedbør og meir nedbør på kort tid. Dette fører til auka flaumfare. Dersom me tek vare på område som naturleg kan halde på mykje vatn, slik som myr, og me set av nok plass langs bekkar og elver slik at dei kan stige utan at dette gir skader på hus og infrastruktur, vil dette gi oss både ein stor økonomisk gevinst for heile samfunnet og også ein stor gevinst i form av at me tek vare på område med stort naturmangfald. Det vert ein vinn-vinn situasjon for både naturen og samfunnet.



Yrande liv i Skjersgrovi midt i kommunesenteret Gaupne

Kantvegetasjonen fungerer også som leveområde og transportkorridor for småvilt. Mange arter har behov for plantar som skyggelegg vatnet både for sola og som vern mot rovdyr. Områda i og nær vatn er kort sagt svært viktige leveområde for mange dyr, insekt og plantar. Plantane er også buffer for næringsstoff som kjem med elva då dei renser vatnet. I tillegg til naturmangfaldet er myrområda svært viktige som buffersoner for å førebygge flaum og dei lagrar CO₂.

Vassdraga har også ein stor friluftsverdi som er viktig for folkehelsa til innbyggjarane våre.

Vassdraga og kantsonene er ofte under sterkt press. Dei største truslane for ferskvatn, våtmarksområde og myr er utbygging, utfylling, drenering, fjerning av kantsonervegetasjon i moderne landbruksdrift og i sentrumsområde, legging i røyr, tilføring av ekstra næring frå landbruk og kloakk og anna forureining.

[Vannressurslova §11](#) seier at det ikkje er tillatt å fjerne kantvegetasjon langs vassdrag med årsikker vannføring. Skjøtsel av kantsona er lovleg, men denne skjøtselen må ikkje øydelegge den økologiske funksjonen kantsona har.

- **Feigumfossen og Feigumvassdraget** - er kandidat område for supplerande vern og ligg der som område 30 og 31. Områda ligg i kommuneplanen som omsynssone natur H560.



Det er viktig å planlegge for klimaendringar som truleg vil medføre meir nedbør over kortare periodar = flaum.

Naturlege brakkvannsdelta / elvedelta / våtmarksområde



Restar av naturleg brakkvassdelta på Røneidsgrandane

- **[Engjadalselva \(Gaupne\) - frå sjøen til FV 55.](#)** Dette området vert vurdert som svært viktig då det er ein liten rest av eit naturleg brakkvassdelta midt i kommunesenteret. Det er eit rikt fugleliv her, sjøauren gyt her, det er registrert mange ulike plantar som trives nær vatn og området er eit svært viktig sentrumsnært nærterrenge. Området ligg som friområde og H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen og er under regulering i 2022.
- **Engjadalselva (Gaupne) - frå FV 55 til fossen ved Tandla.** Område inkluderer Skjersgrovi. Dette området har stor verdi av fleire grunnar. Området heng saman med området over og har dei

same vurderingane. Området ligg som friområde i kommuneplanen og deler av området er regulert som friområde. Området bør leggest inn som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.

- [Røneidsgrandane \(Gaupne\) - rest av våtmarksområde](#). Dette er eit svært viktig område for fuglelivet. Området er regulert som bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone og i kommuneplanen ligg det som H560 Omsyn naturmiljø.
- [Grønnane -Vadøyane \(Eidsvatnet, Skjolden\)](#) Eit område der Fortunselva renn inn i Eidsvatnet. Området er vurdert som svært viktig og er kandidat område for supplerande vern

Vatn med stor artsrikdom



Svaner på Hafslovatnet ein vinterdag

- [Hafslovatnet](#) - heile vatnet utanom fuglefredingsområdet. Eit viktig område med rikt fugleliv og mykje urørt strandsone. Sjølve vatnet ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen men det bør vurderast å trekke området inn på land fleire stader. Spesielt viktig er det å unngå at meir strandsone nær bygdesenteret Hafslo med skular og barnehage vert bygd ut.
- [Hafslo fuglefredingsområde med Straumane](#). Eit svært viktig område som er verna. Området H560 er trekt inn på land fleire stader i kommuneplanen.

Tjørn med tilhøyrande myrområde



Ein liten arm av Batatjørni på Mollandsmarka. Rundt tjørna er det store myrområde, skog, beite og dyrka mark

- [Ildretjørne \(Hafslo, Mollandsmarka\)](#) - ei lita tjørn som held på å gro att med store myrområde rundt. Dette er eit lokalt viktig område med bl.a. traner. Det går ein mykje nytta turveg i nærleiken av området.
- [Batatjørne \(Hafslo, Mollandsmarka\)](#) - Eit ca. 180 daa stort myrområde med ei større tjørn og ei mindre tjørn i midten. Det er fisk i tjørna, hekkande fuglar og mange ulike plantar. Området er vurdert som svært viktig. Området ligg nær Krossen som er utgangspunkt for den svært kjente utfartsstaden Molden og rundturen Mollandsmarka rundt. Området er LNF-område og bør leggst inn som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.
- [Alsno \(Gaupne, Jostedalen\) - kroksjø mm](#) - Området har eit riktig fugleliv og mange våtmarksplanter. I tillegg er det ein fin gammal steinbru i området. Området er vurdert som lokalt viktig og bør leggst inn som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen. Området bør utvidast sørover til fylkesveg 604 på begge sider av den gamle vegen til ein liten rasteplass ved fylkesvegen.

Større myrområde

Desse områda har stor verdi både når det gjeld naturmangfald, buffersoner for å førebygge flaum og myrene lagrar store mengder CO₂.




I området mellom Brunestegen og Jargolane er det store, samanhengane myrområde.

- [Vårstølen i Vigdalen](#). Lokalt viktig myrområde som ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen. Det bør vurderast å utvide området 160 meter så det heng saman med Vigdalen landskapsvernområde.
- [Området Brunestegen - Rysete - Jargolane - Vorfjellet - Havåsen](#)

Området frå parkeringsplassen på Brunestegen til Jargolane, Rysete og Havåsen har svært mange verdier og er eit kandidat område for supplerande vern. Både beitedyr og hjortevilt har eit viktige beiteområde her og har utredningspunktene over Jargolane for å komme til/frå Engjadalen/Heggdalen. Det er registrert svært mange sær viktige forekomster her i naturbasen. Kartet over viser desse registreringane. Dette området er også eit svært mykje nytta rekreasjonsområde, sommar som vinter, for både folk som bur i Gaupne og tilreisande.

Området kalla [Slettafjellet vest](#) er det største området. Her er det boreal hei. Det er mange slåtte- og beitemyrer i området, [Trolldalsmyri](#), [Vegaskilet vest](#), [Ris nord](#), [Ris](#), [Øvingane aust](#), [Dukamyri](#), [Golt søraust](#) med fleire. Det er fleire område med naturbeitemark og område med open kalkmark og kalkrike område i fjellet. I området er også store myrområde.

Oversikt over alle dei registrerte og viktige naturtypene i dette området finn ein i naturbasen. Planen legg opp til at heile dette området vert sett på som svært viktig og vert lagt inn i kommuneplanen som omsynssone natur H560.



Det er svært mange viktige naturområde i området Brunestegen, Jargolane, Havåsen, Seljesete.

- **Skårdalen, vest for Tverrbergvatnet, Straumane, Hafslo** Området er eit stort myrområde som grensar til fuglefredingsområdet. Bør leggst inn i kommuneplanen som omsynssone natur H560.



I hølen er vatnet rolegare og djupare. Her ein høyl i Engjadalen

Løkker/høler

Dette er stader med rolegare, meir stillestående vatn som både er viktige for fisk, fugl, plantar, friluftsliv og naturopplevingar. Det er ikkje gjort gode nok registreringar av slike område i denne utgåva av planen, men det er fleire slike område i kommunen bl.a. i Fortunselva, Mørkridselva, Dalselva i Luster og Engjadalselva i Engjadalen. Lokalitetane bør registrerast og leggast inn som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen

Gyteområde laks, sjøaure, torsk og Lustrafjordsild

Desse områda bør leggast inn som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.

- Jostedøla til litt forbi Alsmo
- Nedre del av Engjadalselva, Gaupne
- Nedre del av Dalselva i Luster
- Mørkridselva til Hyrnavollen, Fortun
- Fortunselva til Kleppasvåi
- Inste delen av fjorden mot Skjolden - lokalt viktig gytefelt for torsk

Fjorden med holmar, skjær og strandsoner



Skjeret - einaste holmen i Lustrafjorden

- **Skjeret (Luster, Flahamar)** - Dette er den einaste holmen me har i Lustrafjorden og holmen eller skjeret er eit svært viktig område for fugl. Området er eit kandidat område for superande vern. I kommuneplanen frå 2018 er området båndlegging for regulering etter PBL og formålet med båndlegginga er å utarbeide reguleringsplan for området som vil verna om fuglelivet på Skjeret. Dersom området ikkje er regulert ved rullering av kommuneplanen må området leggast som H560 omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.
- **Heile Lustrafjorden er lakseførande** og det er munnings-fredningssone i Gaupne og Skjolden. Munnings-fredningssonene må leggast inn i kommuneplanen

- **Det er kastingsområde for sel langs fjorden.** Dei viktigaste stadene bør registrerast og leggjast som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen
- **Hummar:** Det er forbode å fiska med hummarteinar langs heile sjølinja ned til 50 meters djup rekna frå lågaste vasstand. Dette gjeld heile Lustrafjorden.
- **Lustrasild** eller **Ottumsild.** Det er ei lokal sildestamme i fjorden som det i dag er liten kunnskap om. Det bør innhentast meir kunnskap om denne lokale sildestamma og anna liv i Lustrafjorden.

Naturbeitemark

Dette er område med intensiv beiting som gir ein heilt spesiell flora. Kommunen har mange område med registrert naturbeitemark, dei områda som er nemnt her er det områda som ligg i område med mest utbyggingspress.

- [Gjetarknubben \(Gaupne\)](#) - er eit svært viktig område både for beite, naturmangfald og friluftsliv. Må sjåast i samanheng med dei store myrområda i dette området og kandidat område for supplerande vern. Bør leggjast som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen
- [Rupheim \(Hafslo\)](#) - Området er vurdert som svært viktig og ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen
- [Flatningane \(Gaupne\)](#) - Området er vurdert som viktig og ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen
- [Folabrekka \(Gaupne\)](#) - - Området er vurdert som svært viktig og ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen
- [Modvo \(Hafslo\)](#) - Området er vurdert som svært viktig og ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen
- [Hillestadstølen](#) - (Hafslo) Området er vurdert som viktig og ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen

Boreal hei

Boreal hei er forma gjennom avskoging og ved å halda marka open mark gjennom rydding av kratt og skog og sommarbeite med moderat beitetrykk.



Boreal hei og myr frå Jargolane mot Seljeset.

- [Slettafjellet vest - Jargolane - Rysete](#) (Gaupne) - Området vert vurdert som svært viktig og må sjåast i samanheng med dei store myrområda og kandidat område for supplerande vern i området. Bør leggjast som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.

- **Vorfjellet (Gaupne)** - område 32 i kandidat område for supplerende vern. Området er enno ikkje kartfestast, men heng saman med dei andre bevaringsverdige områda i dette området som går frå Brunestegen mot Rysete og Havåsen. Sjå fleire av desse områda over. Bør leggjast i kommuneplanen som omsynssone natur H560.
- **Havåsen (Gaupne)** - område 33 i kandidat område for supplerende vern. Heller ikkje dette området er kartfesta, men heng saman med Vorfjellet og områda nemnt over. Bør leggjast i kommuneplanen som omsynssone natur H560.

Viktige område for villrein og viktige krysningspunkt/område for hjort



Luster forvaltar ei villreinstamme i Jotunheimen

- **[Vest-Jotunheimen villreinområde](#)**. Ligg som H520 Omsyn villrein i kommuneplanen.
- **[Reinheimen og Breheimen villreinområde](#)** Ligg som H520 Omsyn villrein i kommuneplanen.
- **[Gjetarknubben - Jargolane](#)** - viktig krysningspunkt for hjort og beitedyr mellom Engjadalen/Flatnuingane/Luster og dei store beiteområda vest for Vorefjellet som ligg 1200 moh. Området bør sjåast saman med område for supplerende vern og store bevaringsverdige myrområde og slåttemyrer mm i området. Området bør leggjast som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.
- **Galden på Hafslo mot Solvorn** - krysningspunkt hjort. Viktig krysningspunkt for hjort som skal flytta seg mellom Kaupangerhalvøya og Luster kommune. Einaste alternative krysningspunkt er på nordsida av Hafslovatnet. Bør registrerast og leggjast som H560 Omsyn naturmiljø ved rullering av kommuneplanen.

Rik edellauvskog

Luster har mange område med rik edellauvskog. Denne skogen er spesielt artsrik og grunna klimaet på desse stadene er det truleg å finna sjeldne og trua arter her. Ein god del av områda er registrert i DN-håndbok 13.

I lista under er dei registrerte områda som ligg nær nær sentrumsområde eller mykje brukte turområde og som er mest trua av utbygging eller slitasje, tatt med. Alle fire områda ligg som H560 Omsyn naturmiljø i kommuneplanen.

- [Solvorn - aust](#)
- [Råaberget sør \(Gaupne\)](#)
- [Kvåle \(Luster\)](#)
- [Vårufsi \(Fortun\)](#) - ved sti Wittgensteinshytta

Andre område med edellauvskog og anna skog som ligg utafor dagens verneområde og som bør innarbeidast som H560 i kommuneplanen sin arealdel er:

- [Bjørk, Fortun](#)
- [Heltnehagen, Mørkisdalen](#)

Gråor-Heggeskog

- [Dalselvi, Dalsdalen](#)

I tillegg til desse områda er det viktig å få registrert og spreidd kunnskap om verdien til store, gamle og ofte hule trær. Eik veks ikkje vilt i kommunen, men er planta nokre stader. Alm, ask og furu er det vanlegaste ville artane i kommunen som kan få store dimensjonar og som lever lenge.

Gammal barskog

- [Okleviksbukti \(Hafslo\)](#) - gammal furuskog i området som er vurdert som svært viktig. Ligg i kommuneplanen som omsynssone natur H560.
- **Området Klokkarstøi, Osen, Hafslovatnet, FV55.** Eit næringsfattig område med gammal furuskog mellom FV 55 og Hafslovatnet. Ligg ikkje i naturbasen, men området har mange verdier og bør leggjast i kommuneplanen som omsynssone natur H560.



Artsrik slåtte-mark - utvalgt naturtype



Artsrik slåtte-mark er avhengig av slått/skjøtsel/beiting for å ikkje gå tapt. Her frå [Bargarden](#).

Slåtte-mark er ein semi-naturleg naturtype, som gjennom generasjonar med hevd, beståande av årleg slått, og i nokon tilfelle beiting, har utvikla ei heilt unik arts-samansetning. I dei mest artsrike lokalitetane kan ein finne opp mot 50 artar per kvadratmeter! Difor er slåtte-marka òg eit svært viktig leveområde for pollinerande insekt, og fugl. Dei typiske slåtte-mark-artane krev god tilgong til lys for å leve, dei er ofte små av vekst, og trivst ikkje særleg godt med mye gjødsel. Difor er slått og tilhøyrande fjerning av gras i atterkant viktig for å bevare eit næringsfattig jordsmonn tilpassa desse plantene. I løpet av 1900-talet vert omlag 90% av slåtte-markene i landet borte, på grunn av overgang til eit meir moderne jordbruk. Difor er naturtypen i dag definert som sterkt trua på norsk raudliste for naturtypar.

I Luster har me fleire slåtte-enger, her er eit utval som syner dei såkalla [utvalte naturtypane](#) som går under begrepet slåtte-mark:

- [Øvre Ormelid](#) i Fortunsdalen
- [Kjerringhola](#) aust for Luster sentrum
- [Nes: Dokki](#) på Veitastrond
- [Dalen](#) i Kinsedalen
- [La: Ingebjørg](#) på Hafslo

Artsrike vegkantar og skråningar



Vegkantane har ofte eit stort artsmangfald som ein kan kjenne igjen frå dei gamle slåttemarkene. Med eit intensivt jordbruk og mykje bruk av gjødsel, er det i vegkantane mange lyskrevjande, småvakse og lite næringskrevjande artar finn sitt leveområde. Tidlegare brakka ein vegkantane med kjemikalier for å unngå oppvekst av kratt, og det var i ei lengre periode sådd framandarten hagelupin i nye vegskråningar. No har ein fått opp auga for kva verdiar som desse vegkantane har, både for naturmangfald, men og for naturopplevingane langs med vegane. Vegkantane må skjøttast for at dei ikkje skal gro att med kratt og skog. Tidspunktet kantane vert slått, er avgjerande for at blomane som veks her skal få tid til å danne frø og blomstre opp att år etter år. I Viken fylkeskommune har dei satt opp farga stolpar langs vegane som viser kva område som skal ha sein slått. Dette lettast arbeidet for dei som skal slå vegkantane. Grøn stolpe syner starten på artsrik vegkant, mens raud stolpe syner slutt på artsrik vegkant. Her kjem plassar i Luster som bør prioriterast:

- [Utanfor Gullringtunnelen](#) - her ligg gamlevegen og artsmangfaldet i vegkantane er stort. Utan kantslått vil skogen snart dominere.
- **Heile strekninga frå Skjolden til Marifjøra** har eit stort artsmangfald og mesteparten av strekninga er Nasjonal turistveg. Det bør leggjast opp til sein kantslått i dette området.
- **Langs FV604 - frå kryss FV 55 til nordlegaste avkøyringa til Røneid** Her veks det mange spesielle artar som sverdlilje, vill-løk, storarve og nyresildre. Det bør leggjast opp til sein kantslått i dette området.

Geologi - geologisk arv




Gygristova på Hafslo

Ei unik og stor jettegryte like ved vegen mot Veitastrond. Jettegryta er truleg danna på slutten av siste istid, då isen smelta og mykje smeltevatn var i omsetning. Jettegryta ligg ca. 20 m nord for fylkesvegen der denne svingar frå vestleg not nordleg retning. Gryta er uvanleg stor til å vere utforma i gneis, ca. 5 m djup og 4-5 m diameter. Ho er plassert i eit utstikkande fjellnes. Frå utsida av berget er det laga hol inn til botnen av gryta, så ein kan krype inn. Gryta er eineståande i distriktet, ho blir brukt i undervisning av fleire skular.



Gygristova



Smeltevassgjel, jettegryter og bresjøsediment, Hafslo

Ei tid under isavsmeltinga drenerte smeltevatnet frå Hafslo ned mot Solvorn ved Lusterfjorden. I dag går dreneringa mot Sogndalsfjorden.

Under avsmeltinga vart to smeltevassgjel eller canyonar i fast fjella danna. Den øverste og austlegaste 265 m o.h. Seinare rann smeltevatnet over 200 m passet der vegkrysset mot Solvorn ligg. Nedafor passet vart eit markert gjel med 10-15 m høge sider erodert. I dalbotnen nedafor gjelet har vi funne eit fjellbasseng med mest 10 m djup myr og gytje, fint laminert silt nederst. Ved vegkrysset er det fleire jettegryter med diameter ca. 2 m. Dei tyder på at smeltevatnet ei tid kan ha rent under breen. Dei to smeltevassgjela ilag med store breelvvassetningar som er naturgrunnlaget for Solvorn-bygda, er viktige dokument for avsmeltningshistoria med isdirigert drenering for Årøyvassdraget.

Bresjøsedimenta i Hafslo er og ein del av dokumentasjonen for denne dreneringshistoria. Dette er lagdelt og godt sortert finsand som ligg som eit 6-7 m teppe over ein del av Hafslobygda nord og aust for vatnet. Det er eit snitt i ein ravine midt i bygda. Sedimenta er utsette for planering. Ein del av sedimenta bør takast vare på slik at ein m.a. kan studere uforstyrra struktur.

Galden-gjelet er mest synleg. Dette er ein årleg brukt ekskursjonslokalitet for SFDH. Lokaliteten vil ilag med andre kvartærgeologiske former i området kunne nyttast i turistsamheng. I gjelet er det fylt ein del vegmassar, og jettegrytene ligg utsett ved utviding av vegen/rasteplassen. Dette er viktig å unngå.



Fortun - Berge

Jettegryter i Fortun

Tett attmed riksvegen, 2-300 m nordvest for garden Berge i munningen av Bergsdalen, som er ein hengande sidedal til Fortunsdalen, ligg det fleire store og velforma jettegryter. Vegen kuttar framkanten på to av dei, men rett bak ligg fleire som er heile. Jettegrytene er sirkelforma, opptil 6-8 m i diameter og fleire meter djupe. Dei fleste er delvis fylt opp med vatn. Bergarten i området er fyllitt. Lokaliteten ligg i eit markert topografisk knekkpunkt der to dalføre møtes. Jettegrytene har stor turismessig og pedagogisk verdi, og bør skånast mot ytterlegare øydelegging ved eventuell utviding av vegen.

Nigardsbreen

Er verna. Einaste stad i Norge der ein har sikre historiske opplysningar om brefront ved ein rekke tidspunkt gjennom dei siste 225 år. Har svært stor verdi som referanse ved sammenliknande brefsforskning alle andre stader i Norge og som referanseverdi for brefsforskning langt ut over Norge sine grenser.

Jostedalsbreen og Fåbergstølsgrandane

Er verna. Norges største aktive sandur er Fåbergstølsgrandane.

Åsetevatnet

Er verna. Randmorener rundt Åsetvatnet.

Nørdstedalen

Er verna. 1750-morenar og ablasjonsmorene i Nørdstedalen

Styggedalsbreen

Er verna. Gamle og unge randmorener framfor Styggedalsbreen

2.5 Viktige, sentrumsnære naturområde og nærturterreng med stort naturmangfald

Dette kapitlet sett søkelys på dei sentrumsnære områda. Ved hjelp av lokalkunnskap, databasar og resultat frå ei spørjeundersøking til skular og barnehagar i kommunen frå oktober 2022 finn ein her ei samanstilling av informasjon om kva kommunen bør fokusera på for å ta vare på og auke naturmangfaldet i sentrumsnære område og tilgangen til sentrumsnær natur. Ei tilbakemelding me fekk på spørjeundersøkinga er: *“Flott at dette er fokus på frå fleire hald, som ein viktig læringsarena for ungane, og i tillegg både fysisk og psykisk helsefremjande.”*



Utebarnehage på Gaupnegrandane

Å motivere fleire til å komme seg ut på tur i natur i kvardagen er eit godt folkehelseiltak. I tillegg til at det er bra for den fysiske helsa, er det å vera ute i naturen bra for den psykiske helsa vår. I Luster har me mange stader ein kan gå tur i natur og mange område med stort naturmangfald, men mange av områda er bratte og det krev tid, ressursar, energi og er forureinande dersom ein må bruke bil for å koma seg til turterreng. Nærtur er eit omgrep som vert nytta om trygge gåturar i nærleik til der ein bur. Slike turområder er ofte naturområde og dei er ofte utsett for utbyggingspress.

Nærturområdet har òg ein viktig funksjon som læringsarena for skular og barnehagar. Naturområde som vert mykje brukt er svært utsett for slitasje, og treng ofte god tilrettelegging og kanalisering med god skilting og merking av stiar, slik at ein tek vare på både plante- og dyrelivet. Eit nærturområde burde i størst mogleg grad utarbeidast som rundturar, med enkel adkomst frå bustadområder, skular og barnehagar. Bevaring av natur, naturmangfald, grøntkorridorar for plantar og dyr og nærturområde er sterkt knyta saman og har difor fått stort fokus i planen.

Utfordringar med naturområde nær der folk bur er at velmeinande skjøtsel, slik som fjerning av større tre og fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag vil redusera naturmangfaldet i området og også

opplevinga av å gå i natur. Der store tre vert fjerna skyt det opp tett kratt. Det å erstatta naturleg staudeflora med kortklypt plen er også lite ynskjeleg. Naturlege leveområde for fuglar og dyr vert øydelagt, undervegetasjonen døyr og vegetasjonen sin evne til å sikre områda langs vassdraga for erosjon vert redusert. Sentrumsnære naturområde vert ofte nytta som dumpingplass for hageavfall, noko som kan føra til at stadeigne planter utkonkurrerast av frø og levedyktige planter frå hageavfallet. Kunnskap og eigarskap er nøkkelen for å bevare verdien og naturmangfaldet av sentrumsnære naturområde.

Gaupne - kommunesenteret i Luster kommune

Kommunesenteret ligg omkransa av fjell på alle sider og av fjorden mot sør. Barneskulen, ungdomsskulen og barnehagen ligg midt på flata i sentrum. Det ligg fleire viktige naturmangfaldslokalitetar i gang/sykkelavstand frå sentrum og skule.



Skuleområdet er merka med raud sirkel, bilfrie korridorar med grøn strek, mindre elv/bekk med blått strek og sentrumsnære område med stort naturmangfald er merka som gule felt.

Bilfrie korridorar - merka som grønne strek på kartet

Frå skuleområdet kan ein gå relativt bilfritt i fleire retningar. Nye bilfrie korridorar er under planlegging/regulering og nokon av desse er også merka som grønne strek. Dei viktigaste bilfrie korridorane for nærturar i natur går sørover mot fjorden og nordover mot Jostedalen. Det er etablert turveg langs fjorden sørover mot Marifjøra.

Gaupne barnehage brukar skogsområdet ved Grindane og Hanaskjeren (D), og "Pulverskogen" på Gaupnegrandane (A). Det er ynskje om betre tilgang til fjorden.

Gaupne skule har "Pulverskogen" (A) mellom den nye vaskehallen og elva som viktig område som vert mykje brukt. Elles brukar skulen Gåpnaberget (C), Sandvikberget, opp til Gjellene og Fossane på Røneid. Også Hagasanden (D) blir brukt.

Område A: Vassdrag med kantsoner langs Engjadalselva frå fjorden til foss/bilveg mot Engjadalen

Dette området omfattar Engjadalselvi (Kvernelvi) med kantsoner. Området er svært viktig for Gaupne og har eit naturmangfald og stor friluftsverdi. Her er det eit variert dyreliv med sjøaure og aure, insekter og mange ulike fuglearter som både finn næring og hekker her. Det er eit rikt planteliv langs elva med alt frå låge urter som skjørbuksurt og sopp til større tre. Deler av området er regulert til friområde og heile området ligg som friområde i gjeldande kommuneplan. Området frå FV 55 til fjorden er no under regulering.

Området er lett tilgjengeleg med gangsti gjennom/langs heile området. Kombinasjonen med bustadfelt inntil området og mykje nytta turveg fører fort til slitasje og uro slik at naturmangfaldet lett vert skadelidande. Det har vorte rydda mykje skog i området noko som fører til vegetasjons-fattige kantsoner og spiring av tett ungskog, naturleg blomstereng har vorte slått og omgjort til plen og dumping av hageavfall har tilført næring med spiring av ugras og spreining av framande arter. Mykje ferdsel skremmer dyrelivet, spesielt i yngleperioden og trakkar ned plantevekstar. Tilfeldig lagring av diverse objekt inn på område regulert til friområde øydelegg vegetasjon og mark, og hindrar trygg ferdsel.

Det bør utarbeidast ein skjøtselsplan for området med fokus på å bevare og styrke naturmangfaldet og restaurere kantvegetasjonen, og for å styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda. Nokre område langs fjorden og elva kan opparbeidast for meir intensiv bruk medan andre område bør ligge fri for ferdsel. Det kan med fordel opparbeidast fiskeplassar innafor området.

Område B: Brakkvassdelta på Røneidsgrandane

Her er det eit grunt brakkvassdelta med eit rikt fugleliv. Fleire raudlista arter er registrert som tjeld, ulike måker, dvergdykkar m.fl. Deler av området nærast FV 55 er regulert med omsynssone bevaring av naturmiljø. Den gamle reguleringsplanen for området viser ei større utfylling enn det som er. Området bør regulerast på nytt i samsvar med gjeldande bruk og slik at brakkvassdeltaet kan bevarast. Området har tilgang via gang og sykkelveg/turveg og det er regulert turveg oppå elveforbygginga langs Jostedøla. Det er ingen vegetasjon i kantsona mellom industriområdet, turvegen og fjorden/brakkvassdeltaet. Det bør utarbeidast skjøtselplan for området for å få opp større tre og noko krattvegetasjon langs Jostedøla og ut mot fjorden/brakkvassdeltaet. Slik vegetasjon vil skjerma fuglelivet i området og vil auke verdien av området også som turområde.

Område C: Gåpnaberget - beitemark, gammal slåttemark og hage, naturleg skog mot Engjadalen

Området ligg sørvendt, har mykje sol og tidleg vår. Her er eit stort naturmangfald både i fugle, dyreliv, planar, sopp mm. - men området er dårleg kartlagt. Største trusselen for området er truleg attgroing grunna mindre beitedyr og mindre rydding av beite og slåttemark. Fleire beitedyr i området vår og haust, bevaring av større tre og rydding av kratt, kan oppretthalde kvalitetane i området. Ligg som LNF-område med omsynsone friluftsliv i gjeldande kommuneplan. Naturmangfaldet bør kartleggjast.

Område D: Naturleg elvebanke - Hagasanden og område for uteskule

Hagasanden er einaste staden i Gaupne der det ikkje er elveforbygging mot elva Jostedøla og dermed einaste staden det er råd å komma ned til elva på ein naturleg elvebanke. Naturmangfaldet er ikkje det største, men området har likevel stor verdi. Området er lett tilgjengeleg via bilveg og vidare på mykje nytta traktorveg. Området har stort potensiale med mange store tre, men er i ferd med å gro att. Området har tidlegare vore nytta til dumping av diverse skrot og restar av dette er framleis å finne. Aust for traktorvegen er eit området som vert nytta av skulen. Her er store, fine bjørketre mm. Området ligg som framtidig offentleg område i kommuneplan då det var snakk om å etablere ny utebarnehage her, men dette er no ikkje aktuelt. Framtidig bruk av området bør vurderast ved revisjon av kommuneplanen - arealdelen.

Område E: Skogområde, kantsone til elva Venåsgrovi nordvest for skytebanen

Dette skogområdet er avgrensa av Rydøla, fjellsida og vegen langs Jostedøla. Området ligg lunt til og har eit stort naturmangfald både når det gjeld dyreliv, fugl, plantar og svært mange sopparter er registrert i denne skogen. Området ligg lett tilgjengeleg ved bilveg og langs ein mykje nytta turveg som går frå sentrum. Det går sti opp Venåssvåi gjennom området. Deler av området ligg innafør fareområde skytebane. Ligg som LNF-område i gjeldande kommuneplan.

Område F: Kantsoner til bekken Skjærsgrovi gjennom sentrum

Langs bekken der det er litt høgare vegetasjon er det eit rikt plante og fugleliv. Store strekkingar er det ikkje kantvegetasjon, berre gras (slåttemark og beite), langs bekken. Ein stad står det rester av gammalt gjerde i kantsona. Delen av bekken er regulert som friområde, resten ligg som LNF-område. Ved revisjon av kommuneplanen bør det vurderast å få att meir kantvegetasjon langs denne grovi. Forureining og legging i røyr er truleg største trusselen for denne bekken. Bekken må renskast/senkast noko forbi omsorgsenteret då det er flaumproblematikk her.

Område G: Øya i Jostedøla


Tidlegare var det slåttemark her, no held heile øya på å gro att. Det er ikkje særleg stort naturmangfald her, men øya har eit potensiale som nærturområde dei deler av året då det er råd å gå tørrskodd ut til henne. Det er kort veg frå skulane til øya. Gjennom skjøtsel bør ein kunne hindre at øya gror heilt att. Øya ligg som grønstruktur i gjeldande kommuneplan.

Artsrik vegskråning

Langs fylkesveg 604 mot Jostedalen er det stort naturmangfald i vegskråninga mellom dei to kryssa.

Hafslo

Hafslo er ei vid bygd med mykje jordbruksareal og skog. I sentrum ligg skule og barnehage og like etter avkøyringa frå FV 55 ligg Gamlestova barnehage som er planlagt flytta til sentrum. I lia over sentrum ligg eit byggefelt. Det ligg også tre større byggefelt i lengre avstand frå sentrum mellom FV55 og Hafslovatnet. Det ligg fleire viktige naturmangfaldslokaltetar i gang/sykkelaavstand frå sentrum, bustadfelt og skule.



Sentrumsområdet på Hafslo

Bilfrie korridorar: Det er få bilfrie korridorar frå skuleområdet og bustadfelt til naturen rundt, men det er bygd gang- og sykkelveg frå bustadområda på andre sida av vatnet til sentrum.

Hafslo barnehage: Dei har eit naturområde A rett nedanfor parkeringa der det er vatn, strand både med gras og stein, brygger og grillhytte. Området har nyleg blitt sett i stand. Dei går også bilvegen utover til kyrkja på Hafslo. Der er det fleire fine plassar å stoppe. Både båthamna og nedanfor kyrkja er det fine plassar å leike. Dei har to skogsområde i nærleiken. Det eine, "Kråkeskogen" i Tang, område B, har bratt terreng med mykje granskog. Der har kan ein klatre og har tilgang til vatnet og strandlinje. Det andre skogsområdet er gran/bjørkeskog og der er det litt flatare og enklare å be vege seg. Området ligg oppe ved Lykkjedalen, område C. Går dei til Sandgota, område E er det ein sti gjennom skogen som har mykje spennande å by på. Super runde for dei eldste i barnehagen, og den einaste skogssti barnehagen har i nærleiken. Det er viktig at dei naturområda barnehagen har tilgang til vert bevart best mogleg.

Gamlestova barnehage: Brukar området øverst i Solbakkafeltet, område D. Dei har behov for eit naturområde når dei flyttar til sentrum. Dette må vurderast i samband med områdeplan Hafslo som er under arbeid.

Område A: Strandsona ved skulen

Den vestlegaste delen av dette området er nyleg opparbeida. Området har parkpreg og er i aktiv bruk og kan dermed vanskeleg få eit spesielt stort naturmangfald. Men det kan gjerast tiltak for å få noko meir vegetasjon og naturleg liv her. Fuglelivet i Hafslovatnet er svært rikt, og mange fuglar kan sjåast frå området. Heile Hafslovatnet ligg som omsynssone naturmiljø i gjeldande kommuneplan, og dette bør vidareførast i ny plan.

Modvagrovi

Det er fine randsoner på begge sider langs grovi, spesielt frå fylkesvegen til der grovi renn ut i vatnet. Grovi har eit variert naturmangfald som må takast vare på. Forureining, tilføring av mykje næring, hogging av kantvegetasjon og invasjon av framande artar er største truslar.

Område B: Strandsona langs vatnet og Kråkeskogen

For å bevare den unike fuglebestanden i Hafslo-området må ein ta vare for strandsona då den er viktig for hekking og næringsøk for fuglar. I nærleiken av skulen er strandsona frå utløpet av Modagrovi til byggefeltet i Botn viktig å bevare grunna stort naturmangfald. Dei store granene i Kråkeskogen bør snart hoggast og det bør vurderast om området kan få noko meir variert skog.

Område C: Området ved Lykkjedalen


Området bør kartleggast for å vurdere naturmangfald og eventuell skjøtsel. Det ligg fleire viktige lokalitetar for slåttemark nær inntil.

Område D: Området over Solbakkafeltet

Dette området og vidare forbi Ildretjørni og innover traktorvegen/gamlevegen mot skytebanen er eit svært viktig område både for naturmangfald, klimaendringar og friluftsliv både for både Indre-Hafslo, Hafslo og kommunen ellers. Det bør vurderast å få etablert rundtur i dette området med utgangspunkt i parkeringsplassen ved skytebanen, men utan at ein slik rundttur kjem nær tjørni der det bl.a. er hekking av spennande arter. Tjørni og heile myrområdet rundt ligg som omsyn naturmiljø i kommuneplanen, og dette bør vidareførast. Området er godt egna for universell utforming.

Område E: Skogssti ved Sandgota

Skogsområdet bør bevarast både med tanke på naturmangfald og ikkje minst friluftsliv.



Byggefelta Hestnes, Galden og Botn

Dei tre byggefelta ligg etterkvarandre mellom FV55 og Hafslovatnet. Det er gang- og sykkelveg frå felta til sentrum. Det er dårleg med nærturar i sjølve byggeområda, men det er eit stort potensiale for å etablere sti langs vatnet.

Område G: Gamlevegen mot Solvorn og sti mot Feivald

Dette er mykje nytta nærturterreng for mange i Luster. Utfordringa er kryssing av FV55 og parkering for dei som ikkje bur i byggefelta. Ligg som omsynsone friluftsliv i kommunedelplanen.

Område H: Tangsmarka og Øvrebøstølen

Her er det store, flotte skogsområde med stort naturmangfald og stort potensiale for rundturar. Også her er utfordringa er kryssing av FV55 og parkering for dei som ikkje bur i byggefelta. Sjølve vegen til Øvrebøstølen ligg som omsynsone friluftsliv i kommunedelplanen. Eit gammalt område med barskog som vert kalla Oklevikbukti i naturbase er vurdert som svært viktig og ligg som omsynssone natur i kommuneplanen.

Område I: Oklevikmarka og gamlevegen til Årøyane

Her er store, flotte skogsområde med stort naturmangfald og stort potensiale for rundturar. Også her er utfordringa er kryssing av FV55 og parkering for dei som ikkje bur i byggefelta.



Naturen i Straumane er vakker og variert. Gjennom god forvaltning bør ein både kunne ta vare på natur og naturmangfald og nytte området som eit rekreasjonsområde og område for læring.

Soget - Straumane

Som ein del av Årøyvassdraget som strekk seg frå Veitastrondsvatnet og ned til Sogndalsfjorden finn ein Soget, Tverrbergvatnet og Straumane. Soget ligg rett nedstrøms for Veitastrondsvatnet og er ein trong passasje med steile fjellveggar på kvar side. Den tronge passasjen er om lag 450 meter lang, og varierer frå 10-20 meter i breidde. I passasjen finn ein mellom anna ei jettegryte, som vart mura inne i siste del av 1800-talet. Muren vart laga i samband med etablering av den gamle ferdselsvegen i Soget, som du kan lesa meir om [her](#). Vidare nedstrøms i vassdraget finn ein Tverrbergvatnet og Straumavatnet med gode fiskemoglegheiter, eit rikt fugleliv som mellom anna trivst i myrområda ein finn langs desse vatna. Desse vassområda utgjer til saman [Hafslovatnet fuglefredningsområde](#).

Moane- Straumavatnet

Eit viktig nærturterreng som grensar inn mot fuglefredningsområdet. Mange brukar dette området då det er opparbeida sti her, relativt flatt og lett å få parkert. Her er eit område med mudderbanke som er kalla Tverrbergvatnet i naturbasen. Denne er foreslått tatt inn i kommuneplanen som omsyn natur.



Luster

Luster oppvekstsenter: Oppvekstsenteret har ikkje tilgang til brukbare naturområder i dag.

Område A: Dei hadde eit område, Huttiheiti, over oppvekstsenteret der dei hadde fått opp ein gapahuk og eldstad på dugnad, men denne vart stengt grunna fare for ras for ca. 5 år sidan. Dei vil gjerne ha eit område rett bak oppvekstsenteret der me ikkje treng å gå langs den særskilte trafikkerte FV 55 for å kome til. Dei skulle gjerne brukt naturen meir i samband med aktivitetar og undervisning. Nytt, alternativt område bør vurderast og innarbeidast i omsynssone H530 i kommuneplanen sin arealdel. Det er aktuelt å sjå på Stuppelshagen som eit potensielt område. Dette området er eit skogsområde tilhøyrande Dale kyrkje. Her veks mykje spennande, inkludert ei stor eik. Området er no nokså attgrodd, men har eit stort potensiale for læring då det er eit stort naturmangfald her. Skulen har gang- og sykkelveg mot gamleveggen til Berge der det er [rik edellauvskog](#). Vegen ligg som omsynsone friluftsliv i kommunedelplanen. Ved Ekservollen er det tilgang til strandsona, men tilhøva her kan bli betre.



Indre-Hafslo

Busetnaden ligg nokså spreidd med eit byggefelt og eit oppvekstsenter med barneskule og barnehage.

Indre-Hafslo oppvekstsenter:

Område A: Skulen har tilgang til eit skogsområde like ved (50-100 meter) oppvekstsenteret der det bl.a. er fast uteskule der kvar fredag. Dette området fekk oppvekstsenteret lagt inn som Naturområde - grøntstruktur og ligg som H530 friluftsområde i gjeldande kommuneplan. Det går ein gammal ferdselsveg gjennom dette området.

Område B: Området er i dag delvis skog, delvis slåttemark. Det går ein høgspenteledning gjennom området. Området er regulert som offentlig friområde i reguleringsplan frå 1997. Ligg som omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan.

Solvorn



Skuleområdet er merka med raud sirkel, bilfrie turveggar i natur med grønn strek, mindre elv/bekk med blått strek og sentrumsnære område med verdifullt/stort naturmangfald er merka som gule felt.

Solvorn ligg i ei bukt omkransa av bratte fjell på alle kantar. Strandsona er svært viktig for alle som bur i kommunen og mange tilreisande. I sjølve sentrumsområdet er det få bilfrie turveggar ut i naturen, men det er råd å gå langs stranda og på gamlevegen opp mot Galden og Hafslo. Det er også nokre bratte stiar opp i det samme området.

Solvorn oppvekstsenter:

Område A: Skogområde Berget

Skulen brukar uteplassen kalla Berget som ligg 5 minutt frå skulen. Det er sett opp gapahuk her. Naturmangfaldet i området er ikkje kartlagt, men dette er eit naturområde mykje nytta av skulen. Området grenser inntil eit område med rik edellauvskog som har stort naturmangfald.

Område B: Skogsområde Kuberg

Området ligg i gangavstand frå skulen. Naturmangfaldet i området er ikkje kartlagt. Strandområdet mot Neset og Måsaviki vert nytta, opp i Øvrabø, Kuberg, Setålen og gamlevegen til Huarplassen. Dei næraste stadane vert oftast brukt både av barnehage, skule og SFO.

[Rik edellauvskog mot Neset](#)

Skjolden



Skjolden oppvekstsenter: Skulen har tilgang til strand og skog i gangavstand frå skulen. Områda må registrerast og innarbeidast i omsynssone H530 i kommuneplanen sin arealdel. Naturmangfaldet bør kartleggast.

Grønnande-Vadøyane

Dette er eit spennande våtmarksområde som er kandidat område for supplerande vern. Området ligg i samband med etablert sti til Witgensteinhuset.

2.6 Framande arter



Rynkerose var tidlegare mykje planta og arten sprer seg no i naturen vår. Her frå Gaupnegrandane.

Framande artar er planter og dyr som ikkje har sitt naturlege utbreiings-område i kommunen. Ofte er slike artar innført frå utlandet, men dei kan også ha kome frå andre plassar i landet, der dei naturleg høyrer til. I Norge er det ulovleg for menneske å setje ut framande artar i naturen, jf. [§ 30 i naturmangfoldlova](#).

Framande artar (tidlegare svartelista artar) vil ofte utkonkurrere dei lokale, naturlege førekomstane av artar, og føre til eit lågare biologisk mangfold. Artane blir delt inn i forskjellige kategoriar etter kor stor risiko dei utgjør:



Det er pr. juni 2022 gjort 405 ulike registreringar i artskart av framande artar i Luster med [svært høg og høg risiko](#). Svært mange av desse registreringane er av kanadagås. Over store deler av kommunen veks det hagelupin og rødhyll. Andre artar med svært høg risiko som er registrert i kommunen er bladfaks, fagerfredløs, krypfredløs, filterve, kjempespringfrø, klistersvineblom, parkslirekne, platanlønn, rynkerose, ugrasmjølke, vinterkarse, hvitdodre, japansk drivtang, mink og brunskogsnegl.

Desse artane er på forbodsliste i [forskrift om framande artar](#) i Naturmangfoldlova:

- Rynkerose
- Kjempespringfrø
- Tromsøpalme
- Hagelupin, sandlupin og jærlupin
- Kjempespringfrø
- Gullregn og alpegullregn
- Parkslirekne, hybridslirekne og kjempeslirekne
- Grønnpil og skjørpil



Desse 6 artane på forbodslista har me prioritert i denne utgåva av planen.

I kommunen er det registrert 19 ulike framande artar med svært høg risiko. I denne utgåva av planen har me valt å fokusere på artane [parkslirekne](#), [kjempepringfrø](#), [rynkerose](#), [mink](#), [kanadagås](#) og [brunskogsnegl](#).

For nokon av artane vil me lage strategiar for i håp om å unngå vidare spreiring, for andre vil me lage strategiar for å prøve å utrydde dei.

Hageavfall

I dei fleste norske hagar finn ein eit mylder av framande artar. Det er ikkje ulovleg å ha desse artane i hagen, men det er generelt ulovleg å dumpe hageavfall i naturen. Dersom du ynskjer meir informasjon om korleis du kan bidra til å unngå spreiring av framande artar i frå hagen din bør du lese informasjonen finn du frå miljødirektoratet [her](#).

Vær også svært forsiktig når du kastar avfall fra hagen din på godkjent oppsamlingsplass for hageavfall. Vegen frå fyllinga og ut i naturen er kort. Framande artar som spreier seg lett gjennom rotskot eller frø skal ikkje dumpast sjølv der ein lovleg kan levere hageavfall. Målet er å få eigne stader der "farlege" framande artar kan leverast for destruksjon.

Du kan bidra til eit betre kunnskapsgrunnlag om kvar ein finn framande artar i kommunen ved å registrere funn i [Artsobservasjoner](#).



Dumping av hageavfall i naturen er ulovleg og eg er ein av dei største kjeldene til spreiring av framande og uønska artar i naturen vår.

2.7 Gamle gjerder og liknande

I Luster kommune er det mange gjerder som ikkje lenger er i bruk og som no ligg til nede og som kan til skade for både folk og dyr. Dette er eit problem over heile landet, og mange kommunar har årleg eller med jamne mellomrom ein oppryddingsaksjon som vert kalla «*Aksjon Gamle Gjerder*». Det er då ein aksjon i samarbeid med landbrukskontoret i kommunen og bondelaget .

Gjerder som ikkje har nokon misjon lenger bør fjernast både av omsyn til folk, dyr og miljøet generelt. For at ein slik aksjon skal vera vellukka er det viktig at det er lett og gratis å få levert gjerderestane til SIMAS. Nokre stader vert det utbetalt ein liten bonus pr. kg. levert gjerde og ekstra premie til dei som fjernar mest meter med gjerde. Det er eit stort arbeid for bøndene å rydde opp i gamle gjerder, så sjølv om dette er lovpålagt er det viktig å få til eit godt samarbeid og positive aksjonar.

Lov om grannegjerde frå 1961 sler i § 5 fast at " Når grannegjerda ikkje vert halde oppe lenger, skal grannane taka bort gjerde eller gjerderester som kan vera farlege for folk eller husdyr."

[Lov om grannegjerde](#)



3 Mål og strategi og 4 Tiltak

Sjå vedlegg 1 Handlingsplan for kapittel 3 og 4. Handlingsplanen, skal når planen er godkjent, innarbeidast i kapittel 3 og 4 i hovudplanen før planen vert publisert i publiseringverktøyet Framsikt.

Arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald er ikkje ferdig når planen er vedteken av politikarane i kommunen. Det er når planen er vedteken at det verkjelege arbeidet med å registrere, ta vare på og restaurere naturmangfaldet i kommunen startar.



På sykkelturn på Jargolane, Gaupne

Å legge til rette for naturoppleving gjennom friluftsliv og rekreasjon er en viktig oppgave for kommunen. Samtidig tåler ikkje all natur uro og slitasje frå oss menneske.

Landbruket er ein viktig samarbeidspartner for å kunne ta vare på natur og naturmangfald. Beite, stell av kulturlandskap, ta vare på soner mot vassdrag, unngå forureining, sprøyting.



Framdrift for arbeidet med sjølve kommuneplan for naturmangfald:

Kva	Kven	Når
Melde oppstart av planarbeid	Luster kommune	2021
Frist for å sende innspel til planarbeidet	Alle	30.mai 2021
Vedtak av planprogram	Formannskapet	9. juni 2021 Sak 82/2021
Ope informasjonsmøte	Alle	24.mars 2022
1. gongs handsaming Vedtak om utlegging til offentleg ettersyn	Formannskapet	07.desember 2022 Sak 159/22
Opne møte i samband med rullering av kommuneplanen - arealdelen	Luster kommune	Februar-mars 2023
Frist for å sende inn merknad til planframlegget	Alle	24 mars 2023
2. gongs handsaming	Formannskapet	03 mai 2023
Vedtak av planen	Kommunestyret	11 mai 2023

5 Lenkjer og kjelder

Her finn du ein oversikt over og lenkjer til lover, retningslinjer, planar og avtalar som er med på å styrer arbeidet med naturmangfaldet i kvar enkelt kommune. Du finn også kvar me har henta faktaopplysingane i planen frå og kvar du kan finne fleire opplysningar om naturmangfaldet i kommunen.

Lover:

- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldloven\)](#)
- [Lov om vassdrag og grunnvann \(vannressursloven\)](#)
- [Lov om laksefisk og innlandsfisk](#)
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#)
- [Lov om grannegjerde – Lovdata](#)
- [Miljøinformasjonslova](#)

Forskrifter:

- [Vassforskrifta](#)

[Forskrift om utvalde naturtyper](#)

[Forskrift om fiske i og utanfor vassdrag med anadrome laksefisk, Sogn og Fjordane](#)

Retningslinjer:

[Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag – lovdata](#)

[Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning - lovdata](#)

Føringar globalt

[FNs bærekraftsmål - Mål 14 og 15](#)

[Konvensjonen for biologisk mangfold](#)

[FNs naturpanel](#)

Føringar nasjonalt

[Stortingsmeldingen “Natur for livet” \(2015-2016\)](#)

Føringar regionalt

[Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 for Vestland vassregion](#)

[Utviklingsplan for vestland 2020 - 2024](#)

Føringar kommunalt

[Kommuneplanens arealdel](#)

[Kommuneplan for Luster 2017-2028 - samfunnsdelen - kapittel 13.7 og 13.9](#)

[Kommunal planstrategi for Luster - 2020 - 2023 - kapittel 5.9](#)

[Planprogram for kommunedelplan naturmangfold Luster - vedteke av formannskapet 9. juni 2021](#)

Sentrale kjelder:

[Artsdatabanken](#) - kunnskapsbank for naturmangfold. Registrering av arter, kart mm.

www.naturbase.no - kartfesta informasjon om utvalde område for natur og friluftsliv.

[Sabima](#) - Miljøorganisasjon som arbeider for å stoppe tap av naturmangfold.

[Naturtyper - DN-håndbok 13](#) - filer for nedlasting

[Nærturterreng](#) - Statistisk sentralbyrå

[Naturopplevelse, friluftsliv og vår psykiske helse](#) – Regjeringen

[Geologisk arv - kart](#) – NGU

[Artskartlegging i konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova](#)

[Fredningsområde og fredningstider for hummer](#)

Lokale kjelder:

[Nasjonalparkar og verneområde i Luster](#)

[Biologisk mangfold i Luster kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2002-20.](#)

[Supplerande naturtypekartlegging i Luster kommune 2011](#)

[Naturkartlegging i samband med utbygg av småkraftverk i Luster](#) - Aurland Naturverkstad Rapport 17-2006

[Urnes stavkyrkje - og området rundt med skjøtselsplan del 1](#)

Skjøtselsplan Urnes – del 2

[Kulturlandskapet på Øvre Ormelid - skjøtselsplan mm](#)

Ulike sider med faktaopplysningar:

[Om naturmangfold - Regjeringen.no](#)

[Verdien av naturgoder - Regjeringen.no](#)

[Difor er myr og våtmark viktige - Regjeringen.no](#)

[Kvifor er myr så viktig for klimaet - NMBU](#)

[Artsrike vegkantar](#) - Vegvesenet - ulike skriv om evaluering og restaurering mm

[Trua arter](#) – Miljødirektoratet

[Fremmede arter](#) - regjeringen.no

[Tilgang til naturterreng](#) – Helsedirektoratet

[Tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng](#) - Statistisk sentralbyrå

[Grønstruktur er viktig for folkehelsa](#) - forskning.no

[Birdlife Norge](#) - kunnskap om fugleliv og hagefugteljinga

Veiledere, håndbøker:

[Veileder Kommunedelplan naturmangfold](#) frå miljødirektoratet

[Veileder for restaurering og skjøtsel av slåttemark](#) – NIBIO

[Veileder Kantvegetasjon langs vassdrag](#) - NVE

[Håndbok for etablering og drift av parsellhager](#) - Statsforvaltaren

Tilskotsordningar:

[Oversikt over ulike tilskotsordningar](#) for klima og miljøarbeid - Regjeringa.no

[SMIL](#)- tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

[Søknad om tiltak mot framande organismar](#) - Miljødirektoratet

Andre nyttige sider:

[Artsobservasjoner](#) - her kan du legge inn dine egne funn

[Artsorakel i artsdatabanken](#) - her kan du få hjelp til å artsbestemme funn ut frå bilde. Denne funksjonen finnes også som ein app for mobilen der du kan ta bilde, få hjelp til å bestemme arten og du kan vidare registrere funnet frå den same appen.

Vedlegg 1 Handlingsplan kommunedelplan Naturmangfald Kapittel 3 og 4 i planen – oppdatert 24.04.2023

Handlingsplanen, skal når planen er godkjent, innarbeidast i kapittel 3 og 4 i hovudplanen før planen vert publisert i publiseringsverktøyet Framsikt.

Hovedrullering av planen

Då dette er den første plan for naturmangfald kommunen har utarbeida, skal planen første gong reviderast etter fire år.

Seinare skal det vera hovudrullering kvart 8. år.

Revidering av handlingsplanen

Handlingsplanen skal reviderast minimum kvart 4. år men kan reviderast så ofte som kvart år ved behov.

Mål arealbruk:				
Ta vare på naturområde og samanhengen mellom naturområda og naturmangfaldet gjennom kommunen si arealplanlegging og forvaltning.				
Strategiar:				
a) Ikkje tillate utbygging eller anna tilrettelegging som reduserer dei inngrepsfrie naturområda me har. b) Prioritere fortetting av eksisterande byggeområde framfor etablering av nye. c) Ta vare på eller etablere trygge, bilfrie korridorar til naturområde frå eksisterande og nye byggefelt, skular og tettstader. d) Ta vare på grønt korridorar mellom dei ulike naturområda der dyr og plantar kan ferdast/spreie seg.				
Namn på tiltak	Kva skal gjerast	Kven skal gjera det	Ca. kostnad	År
Følgje opp føringar i samfunnsdelen av kommuneplanen	Naturområda i Luster skal i varetakast og styrkast, gjennom mellom anna å ta vare på og tilbakeføre grøntområde i nærområda, og fokusere på ivaretaking av økosystem som dempar effekten av klimaendringar slik som våtmarksområder, skog og kantsoner langs vassdrag.	Luster kommune ved plan og teknisk drift		
Føringar til revisjon av arealdelen i kommuneplanen – plankart og føresegner.	<u>Gjeld H560 – omsynssone natur som temakart i arealplanen:</u> <ul style="list-style-type: none"> - Leggjje inn nye, viktige naturverdiar/område omtalt i denne planen inn som omsynssone H560 i arealplankartet. - Innarbeide dei naturområda som er registrert mest brukt av skular og barnehagar som omsynssone H530 i arealplankartet. Område med stort naturmangfald vert lagt inn som H560. - Kvalitetsikre omsynssone H560 i gjeldande arealdel av kommuneplanen. Manglande område med svært høg verdi som ikkje er omtalt i denne planen skal leggjast inn. Område som ikkje lenger er aktuelle grunna utbygging, hogging, attgroing osv. Skal fjernast mm. - Sårbare krysningspunkt for vilt og beitedyr må haldast fri for utbygging og leggjast inn som H560 - omsynssone natur i arealplankartet. - Kastingsområde for sel må registrerast og leggjast inn i omsynssone H560. - Naturmangfaldet i fjorden skal vurderast på lik linje med naturmangfaldet å land. 	Luster kommune ved plan	0	2022-2023
	<u>Ha arealreknskap i arealdelen</u>			

Kommunedelplan naturmangfald 2023 - 2030

	grøntkorridorar eller tilgang til nærturterreng og rundturar.			
Kartlegge grønne areal i Gaupne og på Hafslo	– Kartlegge natur og friluftsområde med størst utbyggingspress i Gaupne og på Hafslo som eit viktig kunnskapsgrunnlag før utarbeiding av arealplanar i desse områda.	Luster kommune ved plan		
Kartlegge og regulere Flahamarskjeret	– Skjeret er bandlagt for regulering i gjeldande kommuneplan. Dette vert den første reguleringsplanen i Luster kommune der målet med planen er å ta vare på natur og naturmangfald. – I samband med reguleringsplanarbeidet bør naturmangfaldet på land og i fjorden rundt verta kartlagt.	Luster kommune ved plan		2023
Strandsona langs fjorden	– Kartlegge kva område som har størst friluftsverdi og kva område som bør skjermast som omsynssone H560 grunna kastingsområde for sel, hekkeområde for fugl osv.			
Lustrafjorden	– Auke kunnskapen om naturmangfaldet i fjorden og i strandsona. – Få større kunnskap om gyteområde for all sjøfisk og spesielt om den lokale sildestamma i fjorden. – Kartlegge dei gjenværande deltaene i kommunen både med omsyn til naturmangfald på land og i fjorden og få kunnskap om vasskraftproduksjonen reduserer gjenoppbygging av deltaene. – Kartlegge og kartfeste gyteområde for Lustrafjordsilda.			
Elvar og større bekkar	– Registrere status når det gjeld kantvegetasjon i samsvar med krav i lovverk og føresegner til kommuneplanen sin arealdel.			
Auke kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald i heile kommunen	– Samle alle kjende registreringar som gjeld naturmangfald på ein og same plass. Innhente kunnskap der dette manglar og der det er aktuelt med arealendringar.			
Stuppelshagen i Luster	– Kartlegge naturmangfaldet i området. – Utarbeide skjøtselsplan slik at området kan nyttast som nærturområde og undervisningsområde for skule og barnehage.			

Mål ha stort fokus på nærområda:

Bevare, styrke og tilrettelegge natur i nærområda og i nærturterreng.

Strategiar:

- e) Ta vare på natur og nærturterreng nær alle byggefelt, skular og barnehagar.
- f) Ta vare på trygge, grønne korridorar til nærturterreng og større naturområde.
- g) Styrke naturmangfaldet i nærturterrenget og i dei grønne korridorane.
- h) Innbyggjarane må få eit eigarskap til og ansvar for nærområda der dei bur.

Namn på tiltak	Kva skal gjerast	Kven skal gjera det	Ca. kostnad	År
Nærturterreng: Alle innbyggjarane skal ha tilgang til å	– Bevare naturområde nær der folk bur og nær skular og barnehagar – Setje av areal til grønne korridorar til naturområde.	Luster kommune ved plan		2022-2023

Kommunedelplan naturmangfald 2023 - 2030

gå tur i natur frå der dei bur.		og private planframlegg		Forløpande
Ta vare på og auka naturmangfaldet i eksisterande nærrområde og nærturterreng som eit gode for byggefelta og tilreisande	<ul style="list-style-type: none"> - Spre informasjon om korleis ein kan ta vare på og styrke naturmangfaldet i nærområda. - Utarbeide skjøtselsplanar for viktige område med det mål å auke verdien av område både som nærturområde og for å auke naturmangfaldet. - Tilrettelegge for tur, men turveggar og stiar må leggast utanfor dei mest sårbare områda og ferdsel kanalisert. - Når turveg/sti går langs vassdrag må kantvegetasjon takast vare på eller etablerast. - Vurdere om det kan etablerast parsellhagar eller liknande nær alle byggefelt i kommunen for å auke interessa for levande plantar og grønne verdier. 	Luster kommune Grendalag Velforeinin gar		Fortløpande
Unngå forsøpling i grønne område	<ul style="list-style-type: none"> - Etablere rutinar for oppsett og tømning av søppelkasser nær/i mykje brukte grønne område. - Etablere rutinar for handsaming av forsøpling og ulovleg lagring av reiskap/utstyr i regulerte grønne område og område med stort naturmangfald. 	Luster kommune ved eigedom og teknisk drift		
Mottak av hageavfall	<ul style="list-style-type: none"> - Etablere gode ordningar for mottak og kompostering av hageavfall for å unngå dumping i natur og spreing av framandarta. 	Luster kommune i samarbeid med SIMAS		
Eigdomsforhold på nærturterreng, bilfrie korridorar med natur og andre friområde	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere kven som skal stå som eigarar av regulerte nærturterreng og bilfrie naturkorridorar. - Inngå avtalar med grunneigar dersom dette ikkje er Luster kommune. 	Luster kommune v/ eigedom		
Skjøtselplanar for nærturterreng, grønne korridorar og andre friområde	<ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide skjøtselsplanar for grønne område i kommunen i samarbeid med bygdelag, velforeiningar m.fl. 	Luster kommune v/ eigedom og teknisk drift		
Vurdere bruk til friluftsliv og rekreasjon opp mot bevaring av naturmangfald og natur	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere kvar i kommunen det kan leggast til rette for meir intensiv bruk av naturen i form av større skiløyper, sykkelløyper, skuterløyper mm. - Vurdere om det er område i kommunen som bør skjermast mot intensiv bruk. 	Luster kommune ved plan		
Tilskotsordningar mm	<ul style="list-style-type: none"> - Informere om tilskotsordningar til grunneigarar for auka biologisk mangfald. Dette gjeld også tilskot for å halde eksisterande kulturlandskap i hevd gjennom rydding, slått og beite. - Vurdere om det kan etablerast kommunale tilskotsordningar for rydding og tilrettelegging av grønne område. - Oppfordre til å ryddeaksjon for gamle gjerder som ligg nede og spesielt gammal piggråd. 	Luster kommune ved landbruk		

Mål auke kunnskapen:				
Auke interessa for og kunnskapen om naturmangfaldet både hjå innbyggjarane, hjå politikarane og hjå kommunen sine sakshandsamarar og forvaltarar				
Strategier:				
i) Gjera informasjon om naturmangfald lett tilgjengeleg.				
j) Etablere eit godt samarbeid mellom kommunen, lag- og organisasjonar, næringslivet og private for å styrke arbeide med å ta vare på naturmangfaldet i kommunen.				
Namn på tiltak	Kva skal gjerast	Kven skal gjera det	Ca. kostnad	År
Heimesida, Instagram og Facebook-sida til kommunen. Lustranytt.	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikle kommunen si heimeside slik at den vert ein inngangsport til informasjon om naturmangfald. - Kommunedelplan naturmangfald må vera lett å finne på heimesida. - Legge jamleg ut relevant informasjon om naturmangfald på kommunen si Facebook-side. 	Luster kommune ved plan Og sørvis		2022-2023 Fortl øpan de
Årlege informasjonsmøte om naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> - Ha naturmangfald som tema på minst eit politisk møte i kvar valperiode. - Ha jamnlege informasjonsmøter/arbeidsmøte med kommunen sine tilsette som forvaltar dei kommunale eigedommane for å auka kunnskapen om naturmangfald. - Ha opne informasjonsmøter for grendelag, velforeiningar og privatpersonar for å auka kunnskapen om naturmangfald og korleis få lettstelte nærområde med stort naturmangfald. - Tilby skulane hjelp for å undervise i naturmangfald 	Luster kommune ved plan Og landbruk og naturforvaltning		2022-2023 Fortl øpan de
Registrere i artsobservasjonar	<ul style="list-style-type: none"> - Spreie informasjon til lokale lag og organisasjonar og privatpersonar om korleis gjera dette både gjennom møter og informasjon på kommunen si heimeside og facebookside. 	Luster kommune ved plan Og landbruk og naturforvaltning		
Gjera nye kartleggingar av naturmangfald i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> - Lage eit system for å samle og arkivere innspel av nye områder med stort naturmangfald som bør kartleggast. - Utarbeide eit system for kartlegging av naturmangfaldet i kommunen. 	Luster kommune ved plan Og sørvis		
Få eit godt samarbeid med landbruket gjennom informasjon, kunnskap og støtteordningar.	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere tiltak for å auke tal beitedyr då beiting er svært viktige for stell av kulturlandskapet - For å kunne bevare kantsoner mot vassdrag må ein samarbeide med landbruket - Arbeide for å redusere forureining og bruk av sprøytemidler der dette ikkje er naudsynt. 	Luster kommune ved landbruk og miljø		
Registrere store gamle tre og styvingstre	<ul style="list-style-type: none"> - Kartfeste kvar det er store tre og styvingstre. - Kartfeste gammal almeskog - Spre informasjon om verdien av dei store trea og formidle kunnskap om korleis ta vare på store tre og styvingstre. 	Luster kommune		
Auke kunnskapen om og interessa for det som lever og gror	<ul style="list-style-type: none"> - Oppfordre innbyggjarane til å delta på den årlege hagefugteljinga som er siste helga i januar kvart år. 	Luster kommune		

Kommunedelplan naturmangfald 2023 - 2030

blant innbyggjarane i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> - Oppmuntre til og legge til rette for dyrking av ulike plantar i barnehagar, skular, omsorgssenter og byggefelt. - Orienterere om humlehotell. - Orienterere om at å bevare naturmangfaldet startar i eigen hage/eigedom. 			
Lokal kartbase over område med stort naturmangfald	<ul style="list-style-type: none"> - Vera eit eige lag i kommunekart med link til meir informasjon om områda. 	Luster kommune ved plan		
Informasjon om og system for handtering av framandarter	<ul style="list-style-type: none"> - Spreie informasjon om framandartane og korleis bekjempe dei og/eller hindre vidare spreiding. - Oppfordre til registrering av framandartar i Artskart. - Informere om at det både er uheldig og ulovleg å dumpe hageavfall i naturen. - Etablere mottak for framandartar/plantar som ikkje skal leverast som hageavfall. - Hindre vidare spreiding av framandartane som parkslirekne og kjempespringfrø frå kommunale eigedommar. Fjerne rynkerose og andre artar som står på forbodslista på alle kommunale eigedommar der dette let seg gjera. - Utarbeide strategi/plan for å hindre spreiding av mink, kanadagås og brunskogsnegl. 	Luster kommune SIMAS		

Føringar til revidering av kommuneplassen sin arealdel - Hensynssone H560 bevaring naturmiljø, H520 villrein og H530 friluftsområdet							
Vedlegg til kommunedelplan naturmangfold							
Føringar til nye område i K-plan er merka rosa - områda har fått ny nummerering etter offentlig ettersyn							
Nummer	Namn	Stad	Type omsynsone	Bakgrunn prioritering	Status K-plan	Status Regplan	Kjelde
1	Gjønmane-Vådøyane	Fortun	Våtmarksområde	Supplerande vern	LNF + H560		Statsforvalteren
2	Vest-Joturheimen villreinområde	Fortun	Villrein	Verdi svært viktig	LNF + H520		Naturbase 2022
3	Fortunsmarka	Fortun	Store, gamle tre	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Naturbase 2022
4	Bjark	Fortun	Rik edellauskog	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
5	Jettegryter	Fortun	Jettegryter	Verdi svært viktig	LNF-område		Geologisk arv 2022
6	Øvre Ormelid	Fortunsdalen	Slåttemark	Utvalde naturtyper	LNF + H560		Naturbase 2022
7	Vårufsi	Fortunsdalen	Rik edellauskog	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
8	Øvre Ormelid	Fortunsdalen	Slåttemark	Utvalde naturtyper	LNF + H560		Naturbase 2022
9	Vorfjellet	Gaupne	Boreal hei mm	Supplerande vern	LNF-område		Statsforvalteren
10	Havåsen	Gaupne	Naturbeitemark, slåttemyr mm	Supplerande vern	LNF-område		Statsforvalteren
11	Råberget sør	Gaupne	Rik edellauskog	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
12	Gaupnegrandane	Gaupne	Brakkvannsdelta	Verdi lokalt viktig	Frilands + H560	Ny reg-plan under arbeid	Naturbase 2022
13	Røneidsgrandane	Gaupne	Brakkvannsdelta	Verdi lokalt viktig	Frilands + H560	Naturområde i sjø og vassdrag	Naturbase 2022
14	Flatningane	Gaupne	Naturbeitemark	Verdi lokalt viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
15	Gjeterknubben-Jargolane-Rysete	Gaupne	Mange naturtyper	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
16	Liane	Gaupne	Naturbeitemark	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
17	Alsmo	Gaupne	Kroksjø mm	Verdi lokalt viktig	Vatn + LNF		Naturbase 2022
18	Gjeterknubben	Gaupne	Trekkrute hjort mm	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
19	Folabrekka	Gaupne	Naturbeitemark	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2023
20	Sløttfjellet vest - Jargolane mm	Gaupne	Boreal hei mm	Supplerande vern	LNF-område		Naturbase 2022
21	Gaupne langs FV 604	Gaupne	Artsrik grøftekant	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
22	Gaupne - Skjærsgrovi	Gaupne	Artsrik bekk	Verdi lokalt viktig	LNF og frilandsområde	Frilandsområde og uregulert	Lokal vurdering
23	Langaviki	Gaupne	Rik edellauskog	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Naturbase 2022
24	Venåsgrøvi-nedre del	Gaupne	Nærturrområde	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
25	Øya	Gaupne	Nærturrområde/undervising	Utvalde naturtyper	LNF-område		Lokal vurdering
26	La-Ingeblørg	Hafslo	Slåttemark	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
27	Mobakken 2	Hafslo	Slåttemark	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
28	Øygaard 2	Hafslo	Slåttemark	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
29	Øygaard	Hafslo	Slåttemark	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
30	Modvo	Hafslo	Naturbeitemark	Verdi lokalt viktig	LNF + ski + H560	LNF + ski + H510	Naturbase 2022
31	Ildrifjærrni	Hafslo	Intakt låglandsmyr	Verdi lokalt viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
32	Batåfjærrni	Hafslo	Låglandsmyr/Tjærrni	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
33	Hafslovatnet	Hafslo	Rik kulturlandskapsjø	Verdi viktig	Vatn + H560		Naturbase 2022
34	Skårdalen mm	Hafslo	Myrområde	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
35	Galden	Hafslo	Trekkrute hjort	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
36	Rupheim	Hafslo	Naturbeitemark	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
37	Hillestadstølen	Hafslo	Naturbeitemark	Verdi viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
38	Okleviksbukt	Hafslo	Gammal barnekog	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
39	Klokkarstol - Osen	Hafslo	Gammal barnekog	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering

Kommunedelplan naturmangfold 2023 - 2030

40	Gyverdstova	Hafslo	Jettegryte	Verdi svært viktig	LNF-område		Geologisk arv 2022
41	Smeltevassgjøl, jettegryte mm	Hafslo	Smeltevassgjøl, jettegryte mm	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Geologisk arv 2022
42	Molvagrov/Krakeskogen	Hafslo	Naturmangfold/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
43	Moane-Tverbergvatnet	Hafslo	Mudderbank	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Naturbase 2022
44	Moane - Straumvatnet	Hafslo	Naturmangfold/Nærturområde	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering
45	Gyveområde laks, sjøaur, torsk	Heile kommunen	Gyveområde	Verdi lokalt viktig	Fjord + env		Lokal vurdering
46	Reinheimen/Breheimen	Jostedal	Villrein	Verdi svært viktig	LNF + H520		Naturbase 2022
47	Nigard	Jostedal	Åpen flommark	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
48	Dalen	Kinsedalen	Ståttemark	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Naturbase 2022
49	Kastingsområde sel	Langs fjorden	Kastingsområde	Verdi lokalt viktig	Fjord + LNF		Lokal vurdering
50	Elk-Stuppehagen	Luster	Hule elker	Utvalde naturtyper	Grav og urnelund	Anna spesialområde	Naturbase 2022
51	Skjeret	Luster	Fugleliv	Supplerende vern	Banlagt for regulering		Statistforvaltaren
52	Kvåle	Luster	Rik edellauvskog	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
53	Skjeret	Luster	Fugleområdet	Verdi svært viktig	Banlagt for regulering	Reguleringsarbeid under oppstart	Naturbase 2022
54	Dalselvi	Dalsdalen	Gråor-heggeskog	Verdi viktig	LNF-område		Naturbase 2022
55	Knivbakkegjerdet	Mørkridsdalen	Ståttemark	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
56	Dulsete	Mørkridsdalen	Ståttemark	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
57	Dulsete	Mørkridsdalen	Ståttemyr	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
58	Dalen	Mørkridsdalen	Ståttemyr	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
59	Heitnehagen	Mørkridsdalen	Rik edellauvskog	Verdi svært viktig	LNF-område		Naturbase 2022
60	Elk-Ornes	Ornes	Hule elker	Utvalde naturtyper	LNF-område	Spesialområde	Naturbase 2022
61	Kjerringhola	Ottum	Ståttemark	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
62	Gullringtunneien - utafor	Skjolden	Artstrik grøttekant	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Naturbase 2022
63	Hurrungane - utviding	Sognefjellet	Fjell	Supplerende vern	LNF-område		Statistforvaltaren
64	Fannaråken - utviding	Sognefjellet	Fjell	Supplerende vern	LNF-område		Statistforvaltaren
65	Solvorn-aust	Solvorn	Rik edellauvskog	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
66	Elk-Munthehuset	Sørsida	Hule elker	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
67	Felgunvassdraget	Sørsida	Vassdrag	Supplerende vern	LNF + H560		Statistforvaltaren
68	Felgunfossen	Sørsida	Foss	Supplerende vern	LNF + H560		Statistforvaltaren
69	Krokadalen	Sørsida	Rik edellauvskog mm	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
70	Vormell	Utladalen	Ståttemark	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
71	Dokki	Veitastrand	Ståttemark	Utvalde naturtyper	LNF-område		Naturbase 2022
72	Eldedalen	Veitastrand	Berg og rasmarker	Verdi svært viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
73	Vårsjølen	Vigdalen	Artstrik myr	Verdi lokalt viktig	LNF + H560		Naturbase 2022
74	Viktige naturområde Urnes	Urnes	Naturmangfold nær stavkyrkja	Verdi lokalt viktig	LNF-område	Bevaringsområde	Skjelselsplan 1 og 2

Føringar til revidering av kommuneplanen sin arealdel - Hensynssone H530 Omsynssone friluftsliv - viktige naturkvalitetar									
Nummer	Namn	Stad	Type omsynssone	Bakgrunn prioritering	Status K-plan	Status Regplan	Kvalde		
1	Hagsanden	Gaupne	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	Offentleg tenesteyting		Lokal vurdering		
2	Lykkjedalen	Hafslo	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		
3	Sandgota	Hafslo	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		
4	Gamleveggen Galden-Solvorn	Hafslo	Nærturrområde	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		
5	Indre-Hafslo oppvekstsenter	Indre-Hafslo	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	Naturområde-gjønstruktur		Lokal vurdering		
6	Bergset	Solvorn	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		
7	Kuberget	Solvorn	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		
8	Mosaviki	Solvorn	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		
9	Skogområdet skulen nyttar	Skjolden	Nærturrområde/undervisning	Verdi lokalt viktig	LNF-område		Lokal vurdering		